Usikker samla SUM Utførande del i Gjølelva, Heltneelva og Orgylelva m/overføringskanal, samt innleigt prosjekteringsteneste.	40 mill	50 mill
Løyvd i 2016-2017	4 mill	5 mill
Hittil finansiert gjennom ØPL 2018-21		
2018 (innarbeidd i 2018-budsjettet)	11,2 mill	14 mill
2019 (økonomiplan- treng vedtak om finansiering)	11,2 mill	14 mill
Usikkert mogleg tilskot frå NVE Overføringskanal til Heltneelva, massefangstdammar, flaumkanal ved Øyra Skule og tiltak på fjellet.	15,1 mill	19 mill
011 Usikkert tilskot frå M&R Fylke, Vikebygdvegen (Fv45)/Heltneelva	1,6 mill	2 mill
Manglande finansiering Utan tilskot frå NVE og M&R Fylke og evt. pluss usikkerheit som avklarast i anbod som kjem inn.	13,6 mill	17 mill

Utgifter så langt i prosjektet:

Det er hittil brukt 5 mill (inkl. mva), der 2,8 mill (inkl. mva) er brukt til konsulenttenester, 1,5 mill er nytta til flaumtiltak kring Håmyra, og 0,7 mill er interne kostnader.

Desse utgiftene er allereie finansiert.

Saka relatert til samfunnsdelen i kommuneplanen

Tabell under viser at prosjektet samsvarer med samfunnsdelen på ei rekkje punkt.

Kapittel	Mål, strategiar og føringar (relevans til denne saka)	Sjekkliste for dette prosjektet
4.3 Attraktivitet	<ul style="list-style-type: none"> • Alle skal ha tilgang til natur- og friluftsliv i kvardagen • Vidareutvikle gang- og stinettverket, og sikre gode tilkomst til natur- og friluftsområde. • Sikre områder for grønstruktur, natur og friluftsliv. • Sikre areal til utvikling av kultur- og idrettsliv. • Realisere utviklingsplanen for Volda sentrum med fokus på grøntstruktur og kopling mot strategien «frå fjord til fjell» 	<p>Nye turvegar og –stiar ved øvste del av Gjølelva, samt ein turveg mest langs heile Heltneelva, gjer at tilkomsten mot «fjellet» vert enklare.</p> <p>Oppreinsking, erosjonssikring og utbygging av flaumkanal/-voll langs deler av Heltneelva, gjer at ein får vist fram og får mykje betre tilgang til dei kulturminna som ligg langs elva. Dette er kvennhus, restar av kvennhus og ledevollar, samt gamle steinbruer (klopper). Tiltaket vil kunne utløyse midlar frå kulturvernadv. i Fylket</p> <p>Nye og sikrare bruer vil gjere tilkomst mellom busetnadane lettare og tryggare.</p>
4.4 Busetting	<ul style="list-style-type: none"> • Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktive bumiljø. • Sikre gode trafikale forhold i bustadområda, med vekt på trygg ferdsel for born og unge. 	<p>Tiltaka i Gjølelva og Heltneelva, gjer at ein kan starte bygginga av bustader i Urbakkfoten og B58/Øvre Heltne. Ein stettar mao. «Rekkjefylgje-krava», som ligg i Reguleringsplanane.</p>
4.7 Folkehelse	<ul style="list-style-type: none"> • Sikre nære friluftsområde og areal for idrettsaktivitetar. • Sikre moglegheit for å gå eller sykle til kvardagsaktivitetar (til dømes barnehage, skule, arbeid og fritidstilbod). 	<p>Nye turvegar og –stiar ved øvste del av Gjølelva, samt meir eller mindre langs heile Heltneelva, gjer at tilkomsten mot «fjellet» vert enklare.</p> <p>Nye bruer og sikrare kryssingspunkt over elvane, gjer ferdselen mellom dei ulike bustadområda sikrare. Det er også planlagt oppsetting av lys. Med bygging av flaumkanal, -tunnel ved uteområdet til Øyra</p>

		Barneskule, sikrar ein leikeområdet til elevane ved større nedbørmengder.
4.8 Klima og miljø	<ul style="list-style-type: none"> • Kartleggje behov for sikring av vassdrag 	Kartleggingane som er gjort, samt rapportane som er skreve, er grunnlag for å førebygge ved framtidige flaumar.
4.10 Samfunnstryggleik	<ul style="list-style-type: none"> • Utbygging skal skje i flaum- og skredsikre område og eksisterande bygningar og infrastruktur skal sikrast. • Sikre bygningar og infrastruktur som ligg i flaum- og skredutsette område. • Oppdatere faresonekart for flaum og skred. • Sikre bygningar og infrastruktur som ligg i flaum- og skredutsatte område. • Tilpasse infrastruktur til framtidige klimaendringar. • Vurdere behov for skred- og flaumsikring i busette område og langs vegar i kommunen. 	<p>I prosjektet inngår rapportar frå Asplan Viak og Multiconsult, der flaumfaren er kartlagt mhp ein 200-årsflaum med 40% klimapåslag.</p> <p>Multiconsult har også utarbeida tegningar og spesifisert tiltak på kritiske punkt i elvane i Melshornsida. Det er planlagt fleire nye bruer, erosjonssikring og flaumvollar, -vegar og -kanalar langs elvane, samt nye kulvertar. Dette gjer at heile Volda sentrum vil vere godt rusta mot eventuelle flaumar/store nedbørmengder i framtida.</p>

Økonomiske konsekvensar:

Auka lånebyrde for Volda kommune, om ein ikkje får støtte til tiltaka.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Gjennomføring av flaumtilpasningstiltaka i dei tre elvane og i Melshornsida, vil ha enormt mykje å seie for beredskapen i høve auka vasskapasitet ved bruer og kulvertar, ved store nedbørmengder/flaum.

År om anna har dette vore «normalen» med flaumar, og sist det var utrykking, og heldt på å gå gale, var Likkjejulafta 2017 oppe ved Mosevegen/Bregnevegen (Solhøgda). Der fløynde vatnet forbi/over kulverten ved innkøyringa til HB1 (høgdebassenget), og nedover Bregnevegen, Mosevegen og Einebakken, ned til Røyslidvegen. Snarrådige handling og mykje folk i beredskap (brøytemannskap), gjorde at ein fekk avverga det heile.

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen har vurdert fleire alternativ;

- Lyse ut alle tiltak som NVE ikkje gir stønad til i prosjektet, fullfinansiert over 2 år i gjeldande økonomiplan. Det er alle vegkryssingar/kulvertar .
- 1) Lyse ut Heltneelva og gjennomføre innanfor løyvd ramme i 2018.

2) Lyse ut Orgylelva og kanal når vi evt har fått innvilga stønad frå NVE.

3) Lyse ut Gjølrelva i 2019 etter løyvd ramme i 2019 budsjettet

- A) Lyse ut Heltneelva og gjennomføre innanfor løyvd ramme i 2018.
B) Lyse ut Gjølrelva i 2019 etter løyvd ramme i 2019 budsjettet
C) Som ein opsjon; Lyse ut Orgylelva og kanal når vi evt. har fått innvilga stønad frå NVE.
- Gjennomfører også dei stønadsberettiga tiltak i 2019 uansett svar frå NVE (Ny finansiering i økonomiplan på ca. 20mill)
- Lyse ut alle tiltaka som ei entreprise, men med dei tiltaka som er søknadsberettiga til NVE, utskilt som opsjon. Opsjonen vil då omfatte overføringskanal til Heltneelva, massefangstdammar, flaumkanal ved Øyra Skule og tiltak på fjellet. Dette er dei tiltaka der vi kan håpe på å få 80% stønad frå NVE.

Vi ser at ei oppdeling av prosjektet, over mange år og gjerne med fleire entrepenørar, kan medføre større kostnader, enn ved å lyse det ut som ein samla pakke. Det vil også kunne påføre innbyggjarane ulemper over eit mykje lenger tidsrom.

Det ideelle er å ha ei samla utbygging. Samtidig er det så stor usikkerheit omkring kostnader og volumet på anlegget også m.o.t til kapasitet for oppfølging. Rådmannen rår difor til at ein organiserer anbuds konkurransen på ein slik måte at ein innhentar prisar på samla anlegg, samtidig som ein sikrar å kunne ta ut tiltak for å halde seg innanfor planlagt finansiering på 28 mill (inkl. mva) i økonomiplanen. Tiltak som kan oppnå statleg finansiering vert lyst ut som opsjon.

Framdriftsplan for prosessen:

1. Godkjenning av gjennomføringsplan i kommunestyre 22.03.18
2. Ny søknad til NVE om stønad. Ferdigstilling av prosjektering og utlysing av prosjektet med atterhald om grunnavtalar og finansiering. Ferdig 01.07.18
3. Kommunestyresak med finansiering og prosjektplan i september 2018.
4. Grunnavtaler med berørte partar langs elvane og inngåing av kontrakt, september/oktober 2018.
5. Oppstart anlegg oktober/november 2018

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef


Utskrift av endeleg vedtak:

Teknisk sektor for vidare oppfølging

Økonomisjef


Ass rådmann


Forvaltningsutvalet - orienteringssak




Tegnforklaring

	Turvei
	Eksisterende kulverter
	Eksisterende lange kulverter
	Flomkanaler/ Overføringskanaler
	Flomkulvert
	Forbygninger / Flomverk
	Planlagt drenering for overvann
	Boligområde









Tegnforklaring

- Flomsone Q200+40%
- Elv og vann
- Analyseområde


0 25 50 100 150 200
meter



Kunde: Volda kommune	Flomsonekart Gjøllelva Q200+40%	
	Målestokk: 1:2500	Tilstopning GK5
Utarbeidet av: Multiconsult	Oppdrag: 130544	Dato: 20.11.2017
	Tegnet: CHA	Kartgrunnlag: Geocache bilder
	Filnavn: Gjøllelva.mxd	

Kartverket, Geovekst og kommuner - Geodatas AS

Tilstoppet innløp GK5
Q = 8,6 m³/s



Tilstøppet innløp OT2
Q = 4.2 m³/s

Tilstøppet innløp OK10
Q = 5.6 m³/s

Tegnforklaring

- Analyseområde 2D-modell
- Elv og vann
- Flomsone Q200+40%



Flomsonekart Orgyleiva		Kunde: Volda kommune
Q200+40%		
Tilstøpping OT2 og OK10		
Målestokk: 1:3.000	Ved format: A3	
Oppdrag: 130544	Dato: 17.11.2017	
Tegnet: CHA	Revisjon: 0	
Kartgrunnlag: Geocache bilder		
Filnavn: Orgyleiva.mxd		
		Multiconsult AS Boks 265 Skøyen 0213 Oslo



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

Orientering til forvaltningsutvalet
Teknisk sektor

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2017/1995	4397/2018	L10	SVK/ SONHAV	27.03.2018

MELDING OM POLITISK VEDTAK - FRAMLEGG TIL "HOVUDPLAN FOR VATN OG AVLØP MED DEL OM VASSMILJØ 2017-2027"

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 22.03.2018, hadde føre ovannemnde som sak PS 35/18, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Med heimel i plan-og bygningslova §11-14 vedtek kommunestyret kommunedelplan «Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø 2017-2027» godkjent i samsvar med vedlagte forslag til plan.**
- 2. Tiltak vert prioritert i samanheng med budsjett og økonomiplan. Administrasjonen legg fram årleg framdriftsplan for VA-tiltaka til forvaltningsutvalet innan 1. mars, i 2018 innan 1. mai. Framdriftsplanen skal vere basert på ressurskartlegging og ressursplanlegging for å nå dei prioriterte tiltaka. Oppfølging av framdriftsplanen skal rapporterast etter rutinene (vedtakslogg og tertialrapportering).**
- 3. Planen skal reviderast av administrasjonen kvart år, med orientering til formannskapet. Kvart fjerde år skal heile planen reviderast og godkjennast i kommunestyret. Det skal då kome klart fram måloppnåing i høve dei oppsette mål og tiltak i planen.**

Oversendingsframlegg frå kommunestyret 22.03.2018 til administrasjonen:

Kommunestyret ber om at ein i det vidare arbeidet vurderer om det kommunale avløpssystemet er godt nok til å fange opp mikroplast, ev foreslå oppgradering til bruk av best tilgjengelege teknologi for filtrering av mikroplast i avløpsanlegg. Ein ber og om at reinseanlegga gjer tiltak for at biofilm-berarar, (små plastsylindrar tilsett avløpsanlegga), dersom slike vert brukt i Volda, ikkje kjem på avvegar.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058701

Telefaks:
70058701

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

Kopi til:
Sunniva Utnes – sekr. forvaltningsutvalet
Lars Fjærvold - sakshandsamar

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Dag Dårflot

Arkivsak nr.: 2017/1995

Arkivkode: L10

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
38/18	Formannskapet	13.03.2018
35/18	Kommunestyret	22.03.2018

FRAMLEGG TIL "HOVUDPLAN FOR VATN OG AVLØP MED DEL OM VASSMILJØ 2017-2027"

Handsaming:

Gunnar Strøm, SV, kom med slikt oversendingsframlegg:

Kommunestyret ber om at ein i det vidare arbeidet vurderer om det kommunale avløpssystemet er godt nok til å fange opp mikroplast, ev foreslå oppgradering til bruk av best tilgjengelege teknologi for filtrering av mikroplast i avløpsanlegg. Ein ber og om at reinseanlegga gjer tiltak for at biofilm-berarar, (små plastsylindrar tilsett avløpsanlegga), dersom slike vert brukt i Volda, ikkje kjem på avvegar.

Røysting (27 røyteføre):

Oversendingsframlegget frå Gunnar Strøm vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 22.03.2018:

- 1. Med heimel i plan-og bygningslova §11-14 vedtek kommunestyret kommunedelplan «Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø 2017-2027» godkjent i samsvar med vedlagte forslag til plan.*
- 2. Tiltak vert prioritert i samanheng med budsjett og økonomiplan. Administrasjonen legg fram årleg framdriftsplan for VA-tiltaka til forvaltningsutvalet innan 1. mars, i 2018 innan 1. mai. Framdriftsplanen skal vere basert på ressurskartlegging og ressursplanlegging for å nå dei prioriterte tiltaka. Oppfølging av framdriftsplanen skal rapporterast etter rutinene (vedtakslogg og tertialrapportering).*
- 3. Planen skal reviderast av administrasjonen kvart år, med orientering til formannskapet. Kvart fjerde år skal heile planen reviderast og godkjennast i kommunestyret. Det skal då kome klart fram måloppnåing i høve dei oppsette mål og tiltak i planen.*

Oversendingsframlegg frå kommunestyret 22.03.2018 til administrasjonen:

Kommunestyret ber om at ein i det vidare arbeidet vurderer om det kommunale avløpssystemet er godt nok til å fange opp mikroplast, ev foreslå oppgradering til bruk av best tilgjengelege teknologi for filtrering av mikroplast i avløpsanlegg. Ein ber og om at reinseanlegga gjer tiltak for at biofilm-berarar, (små plastsylindrar tilsett avløpsanlegga), dersom slike vert brukt i Volda, ikkje kjem på avveggar.

Handsaming:

Sakshandsamar Lars Fjærvold orienterte.

Røysting (ni røystefore):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyret:

- 1. Med heimel i plan-og bygningslova §11-14 vedtek kommunestyret kommunedelplan «Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø 2017-2027» godkjent i samsvar med vedlagte forslag til plan.*
- 2. Tiltak vert prioritert i samanheng med budsjett og økonomiplan. Administrasjonen legg fram årleg framdriftsplan for VA-tiltaka til forvaltningsutvalet innan 1. mars, i 2018 innan 1. mai. Framdriftsplanen skal vere basert på ressurskartlegging og ressursplanlegging for å nå dei prioriterte tiltaka. Oppfølging av framdriftsplanen skal rapporterast etter rutinene (vedtakslogg og tertialrapportering).*
- 3. Planen skal reviderast av administrasjonen kvart år, med orientering til formannskapet. Kvart fjerde år skal heile planen reviderast og godkjennast i kommunestyret. Det skal då kome klart fram måloppnåing i høve dei oppsette mål og tiltak i planen.*

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med heimel i plan-og bygningslova §11-14 vert kommuneplan vert «Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø 2017-2027» godkjent i samsvar med vedlagte forslag til plan.*
- 2. Tiltak vert prioritert i samanheng med budsjett og økonomiplan. Administrasjonen legg fram årleg framdriftsplan for VA-tiltaka til forvaltningsutvalet innan 1. mars, i 2018 innan 1. mai. Framdriftsplanen skal vere basert på ressurskartlegging og ressursplanlegging for å nå dei prioriterte tiltaka. Oppfølging av framdriftsplanen skal rapporterast etter rutinene (vedtakslogg og tertialrapportering).*
- 3. Planen skal reviderast av administrasjonen kvart år, med orientering til formannskapet. Kvart fjerde år skal heile planen reviderast og godkjennast i kommunestyret.*

Det skal då kome klart fram måloppnåing i høve dei oppsette mål og tiltak i planen.

Vedleggsliste:

1. Framlegg til «Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø 2017-2027»
2. Høyringsbrev frå offentlege etater
3. Planprogram med kommentardel på innspel/merknader

Uprenta saksvedlegg: 1. Teikningshefte 2. Flaumsikring Melshornssida –kart
3. Opplysninger om VA-anlegg Hornindal kommune

Samandrag av saka:

Gjeldande hovudplan for avløp (rammeplan) for Volda kommune er for lengst forelda og var gjeldande for perioden 1996-2000. Det er ikkje tidlegare laga ein samla hovudplan for vatn og avløp. Vi har også teke med vassmiljø då dette er eit viktig ansvarsområde for kommunen, og må sjåast i samanheng med VA-områda. Arbeidet med planen har vert omfattande og vi har no ein overordna «rammeplan» for prioriteringar og god målstyring.

Hovudplan for Vatn og avløp med del om vassmiljø for Volda 2017–2027, er ein Kommunedelplan etter plan- og bygningslova §11.1. Planen er utarbeidd av Norconsult as i nært samarbeid med kommunalteknisk avdeling.

Kommunedelplanen «Hovudplan for vatn og avløp» er eit styrande dokument (rammeplan) for aktivitet innan vatn og avløp i planperioden. I det høvet blir eksisterande situasjon undersøkt og gjennomgått, mål for VA-sektoren vert formulert og tiltak og handlingsplan vert sett opp for å nå dei planlagde måla. Planen inngår som ein sektorplan i kommuneplanen og skal beskrive best mulig utbyggingar og utbetringar av VA-anlegg i planperioden.

Det er òg sett opp kostnadsestimat for dei forskjellige tiltaka og prosjekt. Dette blir grunnlag for prognoser for gebyrutvikling og framtidig økonomiplan innanfor VA-området. Som planen viser så blir det eit stort aktivitetsnivå i planperioden, der vi må ha tilstrekkeleg ressursar og økonomi for å gjennomføre som planlagt.

Etter godkjenning av planprogrammet er no hovudplanen -VA ferdigstilt etter høyringar og mindre justeringar på tiltak og prosjekt. Planen viser også handlingsplanar med prioriteringar pr. år i første periode. Hovudplanen vart lagt ut til høyring i perioden 28.11.17 –19.01.18 og melding sendt aktuelle offentlige etatar.

Saksopplysningar:

Hovudplan for vatn og avløp skal vere eit styrande dokument for aktivitet innan vatn og avløp i planperioden. I det høvet blir eksisterande situasjon undersøkt og gjennomgått. Mål for VA-sektoren blir formulert og tiltak og handlingsplan blir sett opp for å nå dei måla ein har sett. Volda kommune er ein kommune med om lag 9000 innbyggjarar der 70 % av desse bur i Volda sentrum. Folketalsutviklinga har vist vekst i Volda sentrum og nedgang på bygdene. Prognosane viser også vekst med større press på infrastrukturen i Volda sentrum og Mork/Furene.

Det er i arbeidet med hovudplanen for vatn og avløp avdekt store utfordringar knytt til

kapasitet, som vidare fører til eit vedlikehaldsetterslep og store investeringskostnader på kort sikt. Leidningsnett er i dårleg stand, noko som fører til lekkasjar av både vatn og spillvatn. I tillegg fører det til at overvatn kjem inn på spillvassnett, som blir ført unødig til reinsing. Ein bør skifte minimum 2 % av leidningsnett for å oppretthalde dagens alder. Det blir ikkje skifta ut leidningar så systematisk at ein har denne utskiftingstakta. Oppfølging av prosjekt og anlegg krev mykje resursar. Dette klarer ein ikkje med dagens bemanning.

Avløp /Reinseanlegg :

Reinseanlegget på Vikeneset står heilt ute av drift i lengre periodar grunna stor slitasje på anlegget og problem med å skaffe reservedelar. Spillvatn frå heile Volda sentrum går då ureinsa til sjø. Når anlegget er i drift, er det framleis problem med å nå dei pålagde reinsekrava.

Mykje av avløpet på bygdene går ureinsa til sjø, og nasjonale mål seier at ein skal rydde opp i dette. Vi har pr. dato ikkje målingar på eventuelle forureiningnivå, berre visuelle observasjonar og skjønsmessige vurderingar på tilstand.

Det bør difor undersøkast nærare konsekvensane av dette før ein gjer prioriteringar og investeringar. Ein bør konsentrere seg om dei utfordringane ein har i Volda sentrum og Mork/Furene og større bygdela.

I handlingsplanen (avløp) blir det prioritert tiltak /utbyggingar for nytt hovudreinseanlegg for Volda sentrum og Mork RA. Vidare reinseanlegg Søre Bjørkedalen , Dravlaus , Lauvstad og Fyrde.

Vassforsyning :

Vassverket for Dinglavatnet har noko pressa kapasitet, og det er utfordrande å auke denne kapasiteten tilstrekkeleg. Volda sentrum manglar fullstendig reservevassforsyning, og skulle Dinglavatnet bli permanent ute av drift, manglar ein vatn i sentrum. Samankopling med Ørsta verkar naudsynt, men vil ikkje vere tilstrekkeleg for fullstendig reservevassforsyning. Det bør difor vurderast om ein kan etablere ekstra vasskjelde, til dømes frå grunnvassbrønner i Vassbotnen. På bygdene varierer vasskvaliteten mykje, mellom anna har Lauvstad høgt fargetal på råvatnet og innslag av bakteriar, medan Nøre Bjørkedalen har høg kvalitet på råvatnet.

Vassmiljø :

Volda ligg i vassområde Søre Sunnmøre i Møre og Romsdal vassregion. Fylkeskommunen er vassregionmynde. Databasen Vannmiljø er den offentlege databasen for lagring av data om vassmiljø. I hovudsak er vassførekomstar (ferskvatn, vassdrag, sjø) vurdert som god tilstand.

I handlingsplanen (vatn) har vi prioritert utbyggingar og utbetringar for hovudvassforsyninga for sentrum og i fleire bygdela (Dravlaus , Lauvstad , Fyrde)

Brannvasskapasiteten er ikkje undersøkt detaljert. Basert på leidningsnett er det grunn til å tru at ein manglar kapasitet fleire stader. Undersøking av brannvasskapasitet bør inn som ein føresetnad for utbygging før kommunen godkjenner. Kommunen er pliktig å sørge for brannvatn der det blir godkjent utbyggingar.

Planprogram : Etter høyringar har det ikkje kome konkrete større merknader , mest av generell karakter frå offentlige instansar. Ingen merknader frå private. Saksvurdering og uttale angående planprogrammet er vedlagt i denne saka .

Ferdig hovudplan VA : Planen er lagt ut til offentlig høyring og sendt offentlege etatar. Det er kome uttale frå nokre off. etatar, og mest av generell karakter. Innkomne høyringsbrev er vedlagt i saka.

Melding om høyring er sendt : Fylkesmannen i Møre og Romsdal , Møre og Romsdal fylkeskommune , Kystverket Midt-Norge , Fiskeridirektoratet , Mattilsynet Statens vegvesen , NVE .

Det er kome tilbakemelding frå følgjande etatar :

Kystverket Midt-Norge : Har generelt sett få kommentarar og ingen merknader til framlagt hovudplan VA inkl. vassmiljø.

Statens vegvesen : « Har ikkje særlege merknader til ny hovudplan VA»

NVE : « NVE har ingen merknader til planen» Dei kommenterer handsaming etter vassressurslova i samband med eventuelle vassuttak og inngrep i vassdrag.

Møre og Romsdal fylkeskommune : Vassforvaltning – Fylkeskommunen er veldig positiv til at Hovudplanen inneheld ein del om vassmiljø der vassforskrifta og dei regionale forvaltningsplanane er nemnt. Freda kulturminne : Det er ikkje gjeve konkrete tilbakemeldingar om eventuelle konflikter med kjente automatisk freda kulturminner eller område med potensiale for slike funn. Nyare kulturminne: Dei ønskjer at vi vurderer om tiltaka i planen kan medføre inngrep i verdfulle kulturminne og som kan ha offisiell verneverdi.

Dei viser også til at vi har «Kommunedelplan for kulturminne» ute på høyring og ny plan «verdifulle bygningsmiljø og estetisk rettleiar i Volda sentrum».

Dei ber om å få ein tilbakemelding om kommunen ønskjer å få ei overordna avklaring i.f.t. automatisk freda kulturminne. Alternativt må forholdet bli avklara i forkant av kvart enkelt tiltak. Fylkeskommunen ber elles om at deira råd blir vurdert innarbeida i det vidare arbeidet med kulturminneplanen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal : Dei gjer merksam på at utslepp av prosessvatn frå vassverk er søknadspliktig. Er eit område større enn 10000 pe til sjø eller 2000 pe til ferskvatn skal dette meldast til fylkesmannen , som då vert forureiningsmynde.

Dei påpeikar at kommunen ikkje overheld krav i forureiningsforskrifta. P.g.a. dette meiner dei at hovudplanen må ha ei prioritert liste over tiltak for å kunne overhalde gjeldande krav.

Fylkesmannen rår også til at vi gjennomfører ei ROS-analyse for hjelp med å prioritere tiltak.

Fylkesmannen ønskjer også å få tilsendt resultat frå «overvatn-prosjektet – volda sentrum» når dette er ferdig. Dei tilrår å oppdatere hovudplanen når dette prosjektet er ferdig.

Mattilsynet : « Planforslaget framstår som eit oversiktleg dokument som gir ei god oversikt over status og prioriterte tiltak. Det reflekterer godt både status og dei fleste utfordringane , sett frå Mattilsynet sin ståstad. Dette er alle tiltak som Mattilsynet har tatt opp med vassverket ved tilsyn siste åra». Sitat. Mattilsynet er positiv til dei viktigaste foreslåtte tiltaka og prioritering av desse. Dei viser vidare til nytt regelverk og ny drikkevassforskrift av 1.januar 2017 og at nasjonale mål for vatn og helse legg viktige føringar i vidare planarbeid. Dei skriv vidare at vi har gode planar for utskifting og drift av leidningsnett. Og at Mattilsynet prioriterer tilsyn knytt til leveringssikkerheit.

Saksvurderingar

Myndigheiter stiller stadig høgre krav til service , forvaltning og drifting av leidningssystem og forsyningssikkerheit til innbyggerne. For vatn gjeld det god kvalitet og tilstrekkelig volum. For avløp gjeld dette reinsekraft og å unngå forureining. Det blir og stilt krav om vassmiljøet ; å ha oversikt for at vassstilstand i bekker /elver/ innsjø og fjord er tilfredstillande (jf. EU's vassdirektiv).

Vi ønskjer å konsentrere hovudplanen på tiltak og prosjekt der vi har mest innbyggjarar i tettstader og bygdelag. Dette betyr at Volda sentrum og Mork/Furene vil få store investeringar på hovudanlegga vatn og avløp. Det gjeld nybygg og utstyr/prosessanlegg for å tilfredstille dagens krav til avløpsreinsing og vassforsyning.

Vi har ikkje tilfredstillande reinseanlegg på Vikeneset som stettar dagens krav, og det er heller ikkje reinseanlegg for hovudavløpet på Mork. Difor er hovudreinseanlegg for sentrum og reinseanlegg på Mork høgt prioritert.

Vi har også som mål å få godkjent hovudvassverk for sentrum/Mork med løysing for reservevatn og nye prosessanlegg og bygg. Dette vil sikre betre for god vasskvalitet, sikker vassforsyning og reservevassforsyning for sentrum.

I sentrumsområda er det ein del dårlege leidningar som må bli utskifta i samband med opprustning av vegar og nyanlegg. Her blir det også prioritert leidningsutskiftingar både på vatn og avløp.

Det blir også prioritert vatn- og avløpstiltak i større bygdelaga då her ikkje er reinseanlegg og nokre vassverk har manglar på gode vassinntak m.a. Spesielt er det nødvendig med opprydding i «tettbygde strøk» på bygdene med nye reinseanlegg og god og sikker vassforsyning. Opprydding avløp i spreidde områder vil bli prioritert etter at vi har gjennomført ei ROS –analyse for heile VA-feltet og for vassmiljø i kommunen. Vi vil då få ein betre analyse på kor tiltak skal settast inn og kor dette gjev mest effekt på vasskvalitet og vassmiljø.

Etter utlegging av planprogram og høyring av hovudplanen, har vi justert litt på tekstdelen og handlingsplanar VA. Dette har ikkje negativ innverknader på dei innkomne kommentarar og uttale frå dei offentlege instansar.

Avsnitt om organisering er teke ut i sluttdokumentet då organisering av etaten ikkje vil ha direkte innverknad på dei mål ein har i hovudplanen.(levert rapport frå Norconsult hadde dette med) Etter vurdering har ein komme fram til at organisasjonsplan høyrer heime i ein eigen vurdering utanom hovudplanen VA, då heile Volda kommunes organisasjon vil kunne omstrukturert som følgje av kommunesamanslåinga.

Det er svært viktig at kommunen får gjennomført nødvendige lovpålagte oppgåver innanfor VA området og at det meste og viktigaste kan gjennomførast første 4-6år. Dette på grunn av auke i folketall og føreståande nye utbyggingar (bustader/næring m.m).

Kommentarar/innspeil frå offentlege etatar :

Fylkeskommunen : Vi vil ta hensyn til registrerte fornminner og oversende planer for røtraseer og byggetiltak til vurdering hos fylkeskommunen. Forøvrig oversendast brevet til utviklingsavdelinga for oppfølging i anna planarbeid der.

Fylkesmannen : Hovudplanen er lagt opp til ei prioritering på nødvendige tiltak i handlingsplanen der vi ønskjer å prioritere lovpålagte tiltak med reinseanlegg og å unngå forureining.

Fylkesmannen har komme med innspel om at kommunen bør utarbeide ROS analysar for vatn og avløp. Etter beredskapsøving gjennomført 23.02.2018 fann også kommunen sjølv at det er behov for å oppdatere og utarbeide betre og nye ROS analysar. ROS analysar for avløpsområdet vil bli utarbeida i løpet av 2018. Med bakgrunn i dette arbeidet vil arbeidet med spreidde avløp og vassmiljø kunne systematiserast betre og kommunen vil være i betre stand til å gjennomføre og lage planar for opprydding. Dette ved å sette inn tiltak der kor det er mest akutt og størst fare for forureining eller der

kor tiltaka vil ha størst effekt. Kommunen ser at ein ikkje vil nå nasjonale og internasjonale mål om å være ferdig med dette arbeidet innan 2020. Men vil ved en ferdig utarbeidd ROS analyse kunne seie noko om kor ein står i arbeidet.

Mattilsynet : Vi vil i samband med planlegginga følgje opp krav og pålegg frå Mattilsynet så godt som mulig for å ha gode vassverk med gode vasskvalitetar. Eit målkrav er leveringssikkerheit og kvalitet som vi planlegg å forbetre med tiltaka og nye prosjekt, og at vi overheld myndigheitskrav og eventuelle pålegg.

Volda kommune har følgjande pålegg frå Mattilsynet om :

- Oppdatere ROS analyse og beredskapsplan for vatn og avløp.
- Manglande godkjenning av vassforsyningssystemet.

Forøvrig viser vi til våre kommentarar i samband med planprogrammet, der også fleire etatar ga kommentarar og tilbakemeldingar. Vi ser også at kommentarane er også gjeldane for vidareføring til denne hovudplanen.

Det er svært viktig med god oppfølging av rammeplanen. Prioritering av tiltak skjer i samanheng med budsjett og økonomiplan. Vidare er det viktig å forankre planen i forvaltningsutvalet vatn og avløp sorterer under politisk. Rammeplanen burde gått via dette utvalet før det går til formannskap og kommunestyre. Planprosessen har gått via planutvalet ettersom det også er planutval. Det er viktig at planen no vert godkjent for å kome i gang med konkrete tiltak, og rådmannen rår derfor til at planen vert handsama i komande kommunestyre. Planen vert å følgje opp med framdriftsplan som vert å handsame i forvaltningsstyret, og oppfølginga av tiltaka skal rapporterast. Administrasjonen må i samband med framdriftsplanen vurdere ressursprioritering og kapasitet for å nå målsettingane.

Helse og miljøkonsekvensar:

Forhold med vatn og avløp har positiv avgjerande effekt på folkehelse, når det fungerer som det skal og kommunen har god kontroll på forvaltninga og drift. For helse/miljø er det viktig å ha tilstrekkeleg- og god vassforsyning med tilfredstillande kvalitet. Tilfredstillande reinsing av avløp har positive konsekvensar både for naturen og menneske.

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

Økonomiske konsekvensar:

Hovudplan for vatn og avløp med del om vassmiljø skal fungere som kommunens overordna styringsverktøy. Måla og strategiane som vert vedteken i hovudplanen skal vere førande for kommunen si prioritering av ressursar mot vatn og avløp. Hovudplanen gjev føringar som har verknad på avgiftene for alle abonnentar på vatn og avløp. Prioriteringar om tiltak skal handsamast i økonomiplan og budsjett, slik at oppsetta over prioritering i handlingsplanar vert å sjå på som viktige alternative tiltak/prosjekt for første gjennomføringar.

Planen viser eit omfattande etterslep på vatn og avløp, som vil føre til auka abonnementsgebyr i tida framover.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vassforsyning, både som drikke- og sløkkevatn er heilt avgjerande for helse og brannberedskap i Volda kommune. Dersom kommunen og private ikkje har ordna tilfredstillande avløpsreinsing kan dette føre til forureining og ekstra beredskapsmessige konsekvensar. Dette gjelder også i vassmiljøet som ; bekker/elver, ferskvatn og fjordar.

Konklusjon:

Administrasjonen har gått igjennom alle innspel til hovudplan vatn og avløp og meiner ein har svart tilstrekkeleg på dei innspel som har komme. Planen gir eit godt overblikk over kva situasjonen i Volda kommune og kva investeringar ein står ovanfor dei komande åra.

Rune Sjugard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Forvaltningsutvalet - orienteringssak

Volda kommune

Hovudplan vatn og avløp m/ del om vassmiljø

Volda kommune

2017-2027



Oppdragsnr.: 5166796 Dokumentnr.: rapp_02 Versjon: J01
2017-08-18

Oppdragsgjevar:	Volda kommune
Oppdragsgjevars kontaktperson:	Dag Dårflot
Rådsgjevar:	Norconsult AS, Retirovegen 4, NO-6019 Ålesund
Oppdragsleiar:	Tormod Lausund Relling
Fagansvarleg:	Tormod Lausund Relling
Andre nøkkelpersonar:	Trond Sekse, Leif Simonsen

Justert av Volda kommune 27.02.2018 etter innspel frå høyringsuttale.

J01	2017-08-18	For bruk	ToLRe	OIEid	ToLRe
J02	2018-02-27	For bruk	DagDar	LarFje	RunTot
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Samandrag

Hovudplan for vatn og avløp skal vere eit styrande dokument for aktivitet innan vatn og avløp i planperioden. I det høvet blir eksisterande situasjon undersøkt og gjennomgått, mål for VA-sektoren blir formulert og tiltak og handlingsplan blir sett opp for å nå dei måla ein har sett.

Volda kommune er ein kommune med om lag 9000 innbyggjarar der 70 % av desse bur i Volda sentrum. Det er venta folketalsauke i Volda sentrum, medan det på bygdene blir arbeidd med å stanse fråflytting.

Det er i arbeidet med hovudplanen for vatn og avløp avdekt store utfordringar knytt til bemanning, som vidare fører til eit vedlikehaldsetterslep og store investeringskostnader på kort sikt. Leidningsnett er i dårleg stand, noko som fører til lekkasjar av både vatn og spillvatn. I tillegg fører det til at overvatn kjem inn på spillvassnettet, som blir ført unødig til reinsing. Ein bør skifte minimum 2 % av leidningsnett for å oppretthalde dagens alder. Det blir ikkje skifta ut leidningar så systematisk at ein har denne utskiftingstakta. Oppfølging av prosjekt og anlegg krev mykje resursar. Dette klarer ein ikkje med dagens bemanning.

Reinseanlegget på Vikeneset står heilt ute av drift i lengre periodar grunna stor slitasje på anlegget og problem med å skaffe reservedelar. Spillvatn frå heile Volda sentrum går då ureinsa til sjø. Når anlegget er i drift, er det framleis problem med å nå dei pålagde reinsekrava.

Vassverket for Dinglatvatnet har noko pressa kapasitet, og det er utfordrande å auke denne kapasiteten tilstrekkeleg. Volda sentrum manglar fullstendig reservevassforsyning, og skulle Dinglatvatnet bli permanent ute av drift, manglar ein vatn i sentrum. Samankopling med Ørsta verkar naudsynt, men vil ikkje vere tilstrekkeleg for fullstendig reservevassforsyning. Det bør difor vurderast om ein kan etablere ekstra vasskjelde, til dømes frå grunnvassbrønnar i Vassbotnen.

Ingen av kommunens 10 vassverk er godkjent av Mattilsynet.

På bygdene varierer vasskvaliteten mykje, mellom anna har Lauvstad høgt fargetal på råvatnet og mykje innslag av bakteriar, medan Nøre Bjørkedalen har høg kvalitet på råvatnet. Mykje av avløpet på bygdene går ureinsa til sjø, og nasjonale mål seier at ein skal rydde opp i dette. Likevel er det uvisst om desse små utsleppa har noko påverknad på miljøet og tilstanden på vassdraga. Det bør difor undersøkast nærare konsekvensane av dette før ein gjer prioriteringar og investeringar. Ein bør konsentrere seg om dei utfordringane ein har i Volda sentrum.

Brannvasskapasiteten er ikkje undersøkt detaljert, men basert på leidningsnett, er det grunn til å tru at ein manglar kapasitet fleire stader. Undersøking av brannvasskapasitet bør inn som ein føresetnad for utbygging før kommunen godkjenner. Kommunen er pliktig å sørge for brannvatn der det er godkjent utbygging.

Handlingsplan vatn:

Tiltak	Kostnader i mill. NOK						
	SUM	2017	2018	2019	2020	2021	2022->
Nytt vassinntak på Dravlaus	4.3		4.3				
Nytt bygg reduksjonshus Hoggen	1.0		1.0				
Rehabilitering av HB1	2.0		1.0	1.0			
Reduksjonshus Raudemyra	3.5		3.5				
Prosjektering og bygging av nytt HB2	16.0			1.0	5.0	10.0	
Reduksjonshus Bratteberg	3.5			3.5			
Samankopling med Ørsta	5.1			5.1			
Nytt vassinntak på Lauvstad	2.9			0.4	2.5		
Naudstraumsaggregat på kommunale vassverk	1.5				0.7	0.8	
UV-UV kommunale vassverk - Ombygging	30.9				0.9	10.0	20.0
Høgdebasseng Fyrde	3.4					3.4	
Utbetring av dammane på Dinglavatnet	20.0					10.0	10.0
Trykkforsterking Klatrevegen (pumpestasjon)	2.0						2.0
Leidningsutskifting*	71.9		8.8	27.6	19.0	16.5	TBA
Totalt/år			18.6	38.6	28.1	50.7	32.0

Ny base for kommunalteknisk må også inngå som eit prosjekt.

Testboring for vassverk Vassbotnen. Må avklarast om reservevassforsyning er naudsynt for Volda/Ørsta

Handlingsplan avløp:

Tiltak	Kostnader i mill. NOK						
	SUM	2017	2018	2019	2020	2021	2022->
Nytt hovudreinseanlegg (inkl. Mork)	54.8	0.8	5.0	10.0	10.0	20.0	10.0
Reinseanlegg Søre Bjørkedalen	1.7		1.7				
Avløpsledning Folkestad	1.5		1.5				
Slamavskiljar Fyrde	3.3			3.3			
Slamavskiljar Dravlaus inkl. veg	5.3		3.3		2.0		
Ombygging av pumpestasjonar	3.0			1.5	1.5		
Nytt bygg Myrtun							
Slamavskiljar Ekset	1.0				1.0		
Slamavskiljar Lauvstad	6.4					6.4	
Slamavskiljar Steinsvika	1.5						1.5
Slamavskiljar Dalsbygda	2.0						2.0
Pumpestasjon Naustvegen	2.0						2.0
Pumpestasjon Hamnegata	2.0						2.0
Pumpestasjon Sivert Aarflotvegen	2.0						2.0
Pumpestasjon Kalvatn	2.0						2.0
Ajourføring av leidningskart	0.9			0.3	0.3	0.3	
Overvaking av vassmiljø	1.8			0.3	0.3	0.3	0.9
Leidningsutskiftingar*			5.0	2.3	14.0	6.5	TBA
Totalt/år		0.8	15.5	17.7	29.1	33.5	22.4

I tabellen under er det presentert alternative kostnader til nytt hovudreinseanlegg basert på dei alternativa som ligg føre. Det er viktig å poengtere at disse kostnadane ikkje er gjennomarbeida og at kostnader vil bli gjennomgått i samband med politisk sak knytt til nytt reinseanlegg. Tala vil bli oppdatert ved revidering av hovudplan.:

Alternativ	Kostnader i mill. NOK	Kommentar
Vikeneset	52,5	
Klippa	137	Overføringsledning frå Mork ikkje inkludert. Om lag lik total som for alt. Mork.
Juliaberget, fjellanlegg	302	Overføringsledning frå Mork ikkje inkludert.
Juliaberget, daganlegg	55	Overslag Volda kommune

Innhald

1	Innleiing	8
1.1	Mål med planen	8
1.2	Eksisterande planar og tilhøve til andre planar	8
2	Rammevilkår for VA-sektoren	10
3	Synfaringar/grunnlagsmateriale	11
4	Utvikling og utfordringar	12
4.1	Utvikling	12
4.2	Utfordringar	13
4.3	Mål	13
4.4	Strategi	13
5	Eksisterande situasjon	15
5.1	Vatn	15
5.2	Spillvatn	21
5.3	Overvatn	22
5.4	Digitalt leidningskart	23
5.5	Vassmiljø	24
6	Vatn	29
6.1	Målsetting	29
6.2	Vurdering av tiltak	29
6.3	Handlingsplan	34
7	Spillvatn	35
7.1	Målsetting	35
7.2	Vurdering av tiltak	35
7.3	Handlingsplan	39
8	Leidningsutskifting	40
9	Overvatn	42
9.1	Målsetting	42
9.2	Vurdering av tiltak	42
10	Gebyrutvikling	43
11	Vedlegg	45

1 Innleiing

Volda kommune har engasjert Norconsult AS til utforming av hovudplan for vatn og avløp i Volda kommune for perioden 2017-2027.

For arbeidet med hovudplanen er det sett ned ei prosjektgruppe som har stått for utarbeidinga av denne. I tillegg er det samarbeidd med resten av kommunalteknisk avdeling og drift. Det er gjort mykje korrespondanse og kontakt for utarbeiding av planen.

Det er heldt 4 arbeidsmøte i prosjektgruppa med desse personane:


Dag Dårflot – Volda kommune (koordinator VK)
Lars Fjærvold – Volda kommune
Tormod Lausund Relling – Norconsult AS (oppdragsleiar)

1.1 Mål med planen

Hovudplan for vatn og avløp skal vere eit styrande dokument for aktivitet innan vatn og avløp i planperioden. I det høvet blir eksisterande situasjon undersøkt og gjennomgått, mål for VA-sektoren blir formulert og tiltak og handlingsplan blir sett opp for å nå dei måla ein har sett. Det blir òg sett opp kostnadsestimat for dei forskjellige tiltaka som grunnlag for prognoser for gebyrutvikling. Planen skal inngå som delplan for kommuneplanen sin arealdel og legge til rette for gjennomføring av denne med planar for utbygging og utbetring av VA-anlegg.

1.2 Eksisterande planar og tilhøve til andre planar

Hovudplanen som bindeledd mellom kommuneplan og underliggende tekniske planar kan illustrerast som i Figur 1. Planprogram for hovudplansarbeidet vart sendt ut i desember 2016, sjå vedlegg.



Figur 1: Forhold mellom hovudplan og kommuneplan og tekniske planar

Hovudplan avlaup for Volda kommune 1996-2000 vart utarbeidd med overordna mål om å få ei opprydding av avløpssituasjonen innan 2000. Mykje er gjort på strekninga Folkestad-Bjørneset, og det vil vere naturleg å vidareføre delar av planen, mellom anna sonevis opprydding av avløp på bygdene. For vassmiljøet er det viktig å få tatt vassprøver for tilstandsvurderingar og for prioriteringar på tiltak.

2 Rammevilkår for VA-sektoren

Hovudplan for VA er utarbeidd og handsama i samsvar med reglane i **plan- og bygningslova** som gjeld for kommunedelplanar. Under er det nemnd andre viktige lover og forskrifter knytt til vatn og avløp.

Forskrift om vannforsyning og drikkevann (drikkevannsforskriften) stiller krav om sikker levering av tilstrekkelege mengder helsemessig trygt drikkevatt utan framtreddande lukt, smak og farge. Forskrifta kom i ny utgåve som tredde i kraft 01.01.2017 og den gamle forskrifta frå 2001 gjekk ut.

Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) er styrande. Forureiningslova sitt føremål er å «verne det ytre miljø mot forureining samt å redusere eksisterande forureining». Det er del 4 i forureiningsforskrifta som omhandlar avløp. Her blir det oppgitt krav til reinsing for utslepp frå mindre tettstader til mindre følsomt område, som er aktuelt for Volda kommune.

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg frå 2012 har til føremål å sikre kommunalt eigarskap til nye vassforsynings- og avløpsanlegg over ein viss storleik.

Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter (1974) med tilhørende forskrifter har til føremål å sikre kommunane ei finansieringsordning slik at oppgåvene kan løysast på ein god måte. Sentrale punkt i dette regelverket er sjølvkostprinsippet og prinsippet om betaling etter forbruk.

Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker frå juni 2002 med tilhøyrande forskrifter skal sikre liv, helse, miljø og materielle verdiar ved brann og eksplosjon m.a. tilstrekkeleg slökkevatt og vatn til sprinkleranlegg

Lov om matproduksjon og mattrygghet mv. (matlova) frå 2003 skal sikre helsemessig trygge næringsmidlar og framme helse, kvalitet og forbrukarinteresser langs heile produksjonskjeda, samt ivareta miljøvenleg produksjon. Med denne lova vart tilsynet til drikkevatt overført frå dei tidlegare interkommunale næringsmiddeltilsyna til eitt statleg Mattilsyn som berre skal drive med tilsyn. Laboratedelen av dei interkommunale næringsmiddeltilsyna vart ikkje med over i det nye Mattilsynet, og mange av laboratoria er i dag privatisert.

Vassressurslova, omhandlar mellom anna eigedomsrett til vatn, rett til utnytting og reglar om tiltak, samt sikring av nedslagsfelt i vassdrag.

Hamne- og farvasslova har til formål å leggje forholda til rette for ei best mogeleg planlegging, utbygging og drift av hamner og å tryggje ferdsle på sjøen. Alle planar for nye leidningar i sjø skal godkjennast av hamnesjefen og/eller Kystverket vest før leidningane vert lagd.

Forskrift om krav til beredskapsplanlegging (2001)

Forskrift om internkontroll (1994)

Damsikkerhetsforskrifta

Lov om folkehelsearbeid (folkehelselova)

Forskrift om miljøretta helsevern

3 Synfaringar/grunnlagsmateriale

Det er gjennomført synfaringar til viktige stader innanfor vassforsyning og avløpshandtering, mellom anna reinseanlegget på Vikeneset og vassverket for Dinglavatnet, samt bygdene Dravlaus, Lauvstad og Lid/Berkneset.

Løysingar og føresetnader for hovudsystem for vatn, avløp og overvatn er vurdert i samråd med teknisk avdeling i Volda kommune.

Følgjande grunnlagsmateriale er nytta:

- Digitalt kartgrunnlag
- VA-norm
- Rapport: Renseanlegg Mork – RA, forprosjekt med alternativer (Sweco)
- Rapport: Hovedrenseanlegg spillvann Volda, detaljstudie (Norconsult)
- Forstudie RA Vikeneset + tilleggsnotat (Asplan Viak)
- Grunnvassundersøkingar i Vassbotnen (NGU-2007)

4 Utvikling og utfordringar


4.1 Utvikling

Folketalet i Volda kommune på 9000 er stigande, og det er venta at tala held fram med å stige. Det er i Volda sentrum at folketalet har stige mest, medan det har gått tilbake på bygdene. 70 % av innbyggjarane er busett i Volda sentrum. I tillegg er det høgskule med om lag 1800 studentar. Det er uvisst kor mange av desse som er folkeregistrerte i Volda kommune, og med det inngår i folketalet, men ein må rekne med eit noko høgare folketal enn det som er oppgitt av Statistisk sentralbyrå.

Det er i kommuneplanen sin samfunnsdel fokusert på vidare folketalsauke i Volda sentrum og reduksjon av fråflytting i bygdestroka. For vidare arbeid med arealdelen vil det mellom anna bli lagt vekt på avsetting av areal til bustadbygging, fortetting i Volda sentrum og tilrettelegging for spreitt busetting på bygdene.

Ut ifrå desse føresetnadane må ein vente at vassforbruket i Volda sentrum, Mork og Furene aukar, og legge til rette for at vassforsyninga og avløpshandteringa er rusta for å møte desse endringane.

Gitt jamn folketalsutvikling i heile kommunen, og at vassforbruket i Volda sentrum aukar jamt med folketalet, vil utviklinga i folketal og vassforbruk i Volda sentrum kunne sjå ut om lag som i Figur 2.



Figur 2: Utvikling i folketal og vassforbruk i Volda sentrum utan omsyn til studentar. Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Det er vedtatt samanslåing av kommunane Volda og Hornindal. I det høvet vil ein måtte legge ned ein del arbeid i å koordinere tenestene knytt til vatn og avløp med tanke på organisering av etatane, handlingsplanar, gebyrutvikling med meir. Vedlagt ligg noko informasjon om leidningsanlegg og anna VA-anlegg frå Hornindal kommune.

4.2 utfordringar

Volda kommune er ein kommune med mykje spreitt busetting, stor avstand mellom bygdene, og ein topografi som består av bratte fjellsider og brådjupe fjordar med djupn på om lag 500 m. Topografien og avstandane gjer det vanskeleg å knyte bygdene saman med leidningsnett, og det er difor naudsynt å ha mange små anlegg for vassforsyning og avløpshandtering i staden for samlokasjon av større anlegg. Det er resurskrevjande å drifte og vedlikehalde mange små anlegg.

Vedlikehaldsetterslepet på leidningsnettet er stort, spesielt i Volda sentrum, og ein manglar ein tydeleg plan for utskifting av leidningsnettet.

Hovudreinseanlegget på Vikeneset er prega av mykje driftsstans, og avløpet frå Volda sentrum går difor ofte ureinsa rett i sjøen. Elles i kommunen er det mykje spreitt busetting med avløp direkte til sjø, gjerne utan noko form for reinsing, eller via dårleg fungerande septiktankar.

For alle vassverka i kommunen har ein utfordringar med å ha tilstrekkeleg hygienisk tryggleik drikkevattnet. For Volda sentrum er det òg pressa kapasitet på reinseprosessane, og til dels vasskjelda.

ROS analysar for vatn er utdaterte og på avløp eksisterar det ikkje ROS analysar. Beredskapsplan for vassverk er ikkje oppdatert sidan 2010 og det eksisterar ikkje beredskapsplan for avløp.

Ingen av dei kommunale vassverka i Volda kommune er godkjente av Mattilsynet.

4.3 Mål

Volda kommune har definert hovudmål for vatn og avløp i kommunen, og hovudplan for VA skal legge til rette for utbygging og utskifting av VA-anlegg slik at desse måla kan nåast.

Vassforsyning:

- Driftssikker vassforsyning med tilfredsstillande trykk, mengd og kvalitet

Avløp:

- Effektiv handtering av spillvatn og overvatn som ikkje skapar helse- og miljøproblem, skadar eigendomar eller medfører ulemper for innbyggjarar
- Tilnærma naturtilstand i vassdrag, grunnvatn og fjord

4.4 Strategi

Det er lista opp nokre strategiar for korleis ein kan nå måla:

- Styrke samarbeidet med nabokommunar
- Samle utslepp og bygge ut reinseanlegg i tettstader og på bygdene
- Rehabiliterer og sanerer vatn- og avløpsnettet som reduserer lekkasjar av både reint og forureina vatn, og innlekkasje av overvatn i spillvassnettet

-
- Tenkje langsiktig i utbygging av VA-anlegg med tanke på folkevekst og klimaendringar
 - Auke bruken av dataovervaking av VA-anlegg
 - Forsterke og sikre beredskap knytt mot uvanlege og kritiske hendingar
 - Auke samarbeidet med VØR for å betre slamhandtering frå reinseanlegg
 - Tenkje på vatn og avløp i alle prosessar frå plan til utføring

5 Eksisterande situasjon

5.1 Vatn

5.1.1 Vassverk

Volda kommune har i dag ti kommunale vassverk. I tillegg finst ei rekke private vassverk. Oversikt over desse finst på teikning H010. Tabell 1 viser oversikt over kommunale vassverk med nokre tilhøyrande nøkkeldata. Alle dei kommunale vassverka har UV som desinfeksjonsmetode. Fleire vassverk får råvatnet frå overflatevatn. Sjølv om aktiviteten i og rundt overflatevasskjeldene er begrensa, er kjeldene så små at ein ikkje kan rekne kjeldene som hygieniske barrierar i seg sjølve. Nøre Bjørkedalen og Berkneset har borebrønn, og råvasskvaliteten der viser seg å vere så god at ein må kunne rekne ei viss barrierehøgde på kjeldene.

Dei andre vassverka er prega av tidvis eller gjennomgåande høgt bakterieinnhald. UV-filtrering gjer at den hygieniske kvaliteten på vatnet som blir levert til forbrukarane har få avvik frå drikkevassforskrifta. Likevel er reinsing med UV avhengig av at UV-strålane trengjer gjennom vatnet. Nokre stader er vatnet så farga at ein kan stille spørsmål ved bruk av UV som desinfeksjonsmetode. I dag er alle vassverka utstyrt med UPS som sikrar jamn straumtilførsel i normaldrift og nedstenging av vassverket ved straumstans. Dette tyder at ein ved straumstans får full stans i produksjonen og ein er avhengig av magasina i høgdebasseng. Det er sett i gong ein prosess med innkjøp av naudstraumsaggregat for å sikre straumforsyninga til vassverka òg under lengre straumstans. Vassverka har gjennomgåande noko låg barrierehøgde, og det er aktuelt å utvide anlegga i åra som kjem. I tillegg er det fuktproblem på mange av anlegga. Ved utviding av reinsetiltaka blir det truleg naudsynt med plassutvidinga, og ein bør då nytte høve til å betre den bygningstekniske biten av vassverka òg. Det må i samråd med Mattilsynet vurderast kva som er naudsynt å utføre av tiltak på vassverka ut ifrå folketal, kostnad og vasskvalitet. Her er det mange faktorar som gjer det vanskeleg å vurdere forventna kostnad på utbyggingar.

Vassverk	Type kjelde/uttak	Hygienisk barriere	Tal på pe tilknytt	Alternativ vassforsyning	Kommentar
Lauvstad	Elv	UV	340	Manuelt utsette pumper	Tidvis mykje partiklar i råvatnet. Høgt fargetal.
Dravlaus	Elv	UV	200	Tankbil	Høgt bakterieinnhald og tidvis mykje partiklar i råvatnet. Kvist og barnåler tettar inntaket.
Steinsvika	Oppkome frå morenefot	UV	50	Tankbil	Låg pH og høgt bakterieinnhald i råvatnet

Straumshamn	Open innsjø Litledalsvatnet	UV	90	Tankbil	Låg pH og høgt bakterieinnhald i råvatnet
Søre Bjørkedalen	Elv	UV	75	Tankbil	Bakteriar i alle prøver tatt frå 2011-2016
Nøre Bjørkedalen	Borebrønn	UV		Tankbil	God råvasskvalitet.
Fyrde	Elv (rørgate frå kraftverk)	UV	150	Kum for innsetting av pumper	Mykje bakteriar i råvatnet
Hjartåbygda	Borebrønn i fjell	UV	50	Tankbil	Tidvis mykje bakteriar i råvatnet
Dinglavatnet	Open innsjø	UV	7 500		Tidvis høgt fargetal på råvatnet
Berkneset	Borebrønn i fjell	UV	160	Tankbil	God råvasskvalitet.

Tabell 1: Kommunale vassverk

5.1.1.1 Dinglavatnet

Dinglavatnet er eksisterande hovudvasskjelde for Volda sentrum. Råvatnet frå Dinglavatnet går gjennom grovsiler og får seinka pH ved tilsetting av CO₂ før det går gjennom marmorfilter for å auke alkaliteten. Til slutt går vatnet gjennom UV-filter og til eit reintvassbasseng. Reintvassbassenget har eit volum på 1800 m³, noko som tilsvarer om lag 12 timars forbruk. Kapasiteten på reinseanlegget er på 47 l/s, medan ein går ut ifrå at vasskjelda kan tole uttak på 63 l/s over tid. Det er gjennomført ROS-analyse for vassverket, og det ligg føre ein beredskapsplan som skal sikre trygg forsyning ved bortfall av vassforsyninga.

Det er jamleg tatt prøver av råvasskvaliteten på vatnet av forskjellige parametrar. I Tabell 2 er det lista opp kva analyser som er gjort, kva grenseverdiane er hjå forbrukar, og korleis tilstanden er på vatnet ut ifrå analysane. Fargetalet ligg i all hovudsak under grenseverdi på 20 mgPt/l, men med UV som desinfeksjonsmetode ville det vore gunstig med fleire målingar under 10 mgPt/l.

Analyse	Grenseverdi hjå forbrukar	Tilstand	Merknad
Farge [mgPt/l]	20	Middels god Hovudtyngd av målingar frå 5-15 mgPt/l Enkeltstående målingar over grenseverdi.	
Turbiditet [FNU]	1	God Éi måling over grenseverdi.	
E-koli og koliforme bakteriar [1/100ml]	0	Middels god Fleire periodar med E-koli og koliforme bakteriar i råvatnet.	UV som desinfeksjon gir normalt godt vern mot bakteriar.
Kimtal [1/ml]	100	Middels god Om lag 1/3 av prøvene over grenseverdi.	UV som desinfeksjon gir normalt godt vern mot bakteriar.
Konduktivitet [mS/m]	250	God Ingen målingar over 10 mS/m	

pH	6,5-9,5	God Dei fleste måleverdiane ligg mellom 6,0 og 6,5.	pH blir redusert vidare før vatnet går gjennom marmorfilteret.
UV-transmisjon [%]	>40	God Alle verdiar godt over grenseverdi.	Noko synkende trend

Tabell 2: Analyser av råvasskvaliteten frå Dinglavatnet

Som ein kan lese av Tabell 1, har ein berre éin hygienisk barriere for Dinglavatnet, og ein manglar reservevasskjelde til området Volda sentrum. Det er bedt om ein uttale frå mattilsynet om bruk av to UV-filter i serie som to hygieniske barrierar, og Mattilsynet er kritisk til dette grunna høge fargetal. Mattilsynet har foreslått klorering, men kommunen ser negativt på kombinasjonen klor og humus som gir uynskte restprodukt og jordsmak av vatnet. Ozonering og membranfiltrering vil føre med seg auka vassforbruk som kjelda kanskje ikkje tolerer med tanke på framtidig vassforbruk. Vatnet er lite og grunt, og kjelda i seg sjølv tilfredsstillar ikkje krav til hygienisk barriere, som ein kan sjå av bakterieinnhaldet på råvatnet.

For reservevasskjelde ser ein på moglegheiter til å knyte seg saman med vassforsyninga til Ørsta kommune. Ørsta kommune kan opplyse om at dei kan levere ca. 30 % av normalforbruket i Volda sentrum. Samankopling med Ørsta vil difor ikkje kunne gi ei fullstendig reservevassforsyning.

Det er to dammar som vart etablert for å demme opp vatnet for drikkevassforsyning. NVE kan etter synfaring opplyse om at dammane ikkje oppfyller gjeldande krav til fyllingsdammar, og det er rekna med at ein må gjere utbetringar på desse dei komande åra.

5.1.1.2 Lauvstad

Lauvstad vassverk har grovsil og partikkelfilter som forbehandling av vatnet før det får til UV-desinfeksjon. Råvasskvaliteten har høgt fargetal, om lag $\frac{1}{4}$ av alle målingane som er gjort ligg over grenseverdi. Når ein samstundes får registrert høge verdiar for alle analyserte bakteriar, bør ein vurdere om UV-desinfeksjon åleine er tilstrekkeleg eller riktig desinfeksjonsmetode. Ein har fleire målingar der UV-transmisjonen er under 30 %, og dette heng i stor grad saman med høge fargetal. Dette fører til lågare effekt av UV-desinfeksjonen. Samstundes som ein har høge fargetal og låg UV-transmisjon har ein ofte dei høgaste verdiane for bakteriar, og sannsynet for vassborne sjukdomsutbrot vil vere til stades. pH på råvatnet er for nesten alle målingane lågare enn grenseverdi på 6,5 ut til forbrukar, og blir heller ikkje justert gjennom vassverket. Det er gjennomført ROS-analyse for vassverket, og det ligg føre ein beredskapsplan som skal sikre trygg forsyning ved bortfall av vassforsyninga.

Inntaket for Lauvstad vassverk er lite og ustabil, og tek til tider inn store mengder kvist, barnåler og lauv. På vinterstid har inntaket lett for å fryse til, og reservevatn blir levert ved at pumper manuelt blir sett ned i Ulvestadelva av kommunen sitt driftspersonell. Slik elva og omgivnadane ser ut er det vanskeleg å sikre personell tilstrekkeleg under dette arbeidet. Glatte, islagte steinar og kaldt vatn fører til auka risiko for alvorlege skader.

5.1.1.3 Dravlaus

På Dravlaus går råvatnet rett inn på UV-filteret utan noko form for forbehandling. Råvatnet har låg pH og høge bakterietal. Fargetala er stort sett lågare enn 10 mgPt/l, og ein kan rekne med at UV-filteret har god desinfiserande effekt.

I høve bygginga av Dravlaus kraftverk er det avtalt nytt vassinntak via kraftverket. Ein har i dag utfordringar med drifta av eksisterande inntak, då kvist og barnåler tettar att inntaket. Det er lagt til rette for kommunal tilknytning i kraftverket, men alle koplingar er ikkje gjort. Det er lagt leidning frå kraftverket og opp til Konehaugen. Vidare må Dravlauselva kryssast for tilkopling mot eksisterande leidning. Sjå teikning H014.

5.1.1.4 Steinsvika

Steinsvika vassverk har inga forbehandling før UV-filtra. Råvasskvaliteten er stort sett god med fargetal under 5 mgPt/l, få målingar med E-koli, og UV-transmisjon for det meste over 80 %. Ein kan gå ut ifrå at UV-filteret gir god effekt mot det noko høge nivået av bakteriar. pH er noko låg.

5.1.1.5 Straumshamn

Straumshamn vassverk har marmorfilter før UV-filter, og ein får med det justert opp pH før vatnet går til forbrukar. Fargetalet er noko høgt, men ligg stort sett under 15 mgPt/l og har ein middelvei på 9 mgPt/l. Det er ofte påviste bakteriar i råvatnet.

Vassverket her ligg ved Botnaberget med forsyning frå vasskjelde Litledalsvatnet.

Det er gjennomført ROS-analyse for vassverket, og det ligg føre ein beredskapsplan som skal sikre trygg forsyning ved bortfall av vassforsyninga.

5.1.1.6 Søre Bjørkedalen

Søre Bjørkedalen vassverk har inga forbehandling av vatnet før det går gjennom UV-filteret. pH er stort sett innanfor grenseverdiane og fargetalet er lågt. UV-filter vil normalt god desinfiserande effekt mot det noko høge innhaldet av bakteriar.

5.1.1.7 Nøre Bjørkedalen

Nøre Bjørkedalen vassverk fører råvatnet rett inn på UV-filter. Vatnet har noko høg pH, men er elles av god kvalitet med fargetal stort sett under 5 mgPt/l og få innslag av bakteriar.

5.1.1.8 Fyrde

Fyrde vassverk har berre eitt UV-filter, og vil med det vere noko sårbar om dette skulle falle ut. Fargetala er låge, under 7 mgPt/l, som gir høg UV-transmisjon og god effekt av UV-filteret. Det er stadig påvist koliforme bakteriar, men E-koli blir berre målt i enkelttilfelle.

Fyrde har reintvassbasseng som ligg nærme sentrum og så lågt at abonnentar som ligg nærme vassverket mistar vatnet ved stans i vassproduksjonen, som til dømes ved straumbrot. Ved behov for klorering av vatnet er det vanskeleg å få til den naudsynte reaksjonstida før vatnet når abonnentar.

Frå eksisterande vassverk har vassleidninga dimensjon på 90 mm. Ved brannsløkking vil det vere naudsynt å tappe vatn frå høgdebassenget i sentrum for å få tilstrekkeleg mengd sløkkevatn.

5.1.1.9 Hjartåbygda

Hjartåbygda vassverk har per i dag sandfilter, partikkelfilter og avherdingsfilter før UV-filtrering. Anlegget har store driftsproblem spesielt med avherdingsanlegget, og det blir vurdert om ein skal byte ut dette. Råvatnet har stort sett god kvalitet med berre sporadiske funn av E-koli, med noko hyppigare funn av andre bakteriar.

5.1.1.10 Berkneset

Berkneset vassverk har berre UV-filter. Vasskvaliteten er god med låge fargetal, høg UV-transmisjon og få funn av E-koli. Frå seinsommar til seinhaust blir det tatt nokre prøver med funn av bakteriar. Vår og sommar er bakterietala på null.

5.1.1.11 Private vassverk

Det finst fleire private vassverk i kommunen, der fleire forsyner meir enn 50 pe, og er difor søknadspliktige overfor Mattilsynet. Vassverk som forsyner mindre enn 50 pe vil òg vere søknadspliktige om dei forsyner helseinstitusjonar, skular eller barnehagar. Det er funne noko informasjon om dei største vassverka gjennom Mattilsynet. Kommunen har ikkje dokumentasjon på drift for dei private vassverka. Tabell 3 er difor noko mangelfull. I lys av dei pliktene kommunen har for vassforsyning til alle innbyggjarane i kommunen, vil det vere viktig for kommunen å få betre oversikt over dei private vassverka. Til dømes vil branntryggleiken i område med private vassverk bli betra om ein har kontroll på kvar det er plassert brannvassuttak.

Kommunen bør i framtida få tilgang til data på leveringskvaliteten frå dei private vassverka, samt oversikt på forhold med leveransen og sikkerheita.

Vassverk	Type kjelde/uttak	Tal på pe tilknytt	Reservevatn
Dalsbygda	2 stk. borebrønn i fjell	90	
Folkestad	Kjeldeutspring	600	
Helset		<50	
Høydalen		<50	
Kalvatn		<50	
Mork	2 stk. borebrønn i fjell	80	Tilknytt kommunalt nett
Eikrem		<50	

Haukåsen	<50
----------	-----


Tabell 3: Oversikt over private vassverk.

5.1.2 Leidningsnett

Vassleidningsnett i Volda sentrum består av om lag 68 km vassleidning, der om lag halvparten er lagt i PVC. Samansettinga av materiale for vassleidningsnett er vist i Figur 3, der ein kan sjå at det finst i underkant av 10 km eternitleidningar, og 7 km grått støypejern. Spesielt leidningsstrek med grått støypejern har vore kjelde til lekkasjar på leidningsnett, men òg store delar av det resterande leidningsnett byrjar å bli gammalt og modent for utskifting.

Leidningsbrot førekjem hyppig og fører til at ein må rykke ut og reparere skadane. Dette er ressurskrevjande og lite forutsigbart. Ein har òg opplevd at heile høgdebasseng er blitt tømt i tilfelle med leidningsbrot, då ingen av høgdebassenga har ventilar som stenger seg når vasstraumen blir for stor ut. Dette fører til at ein raskt kan stå utan vatn ved brot på leidningar, og at ein ikkje har den reservekapasiteten som ein mellom anna bygger høgdebasseng for å skaffe.

Vassleidningsnett har i all hovudsak dimensjon 150/160. Nokre leidningar, spesielt mellom trykksoner er lagt med dimensjon 200. Dette inkluderer òg overføringsleidning til Mork/Furene.



Figur 3: Materialsamansetting for vassleidningsnett i Volda sentrum

I bygdestrøka er det i hovudsak lagt PVC-leidningar for vatn, og ein reknar ikkje med behov for utskifting av desse i planperioden.

5.1.3 Brannvatn

Kommunen er pålagt å bygge ut brannvassforsyning i område der ein godkjenner utbygging, og dette er kommunen sitt ansvar. Slik praksis har vore fram til no, har det vore noko tilfeldig om forsyninga av brannvatn har blitt ivaretatt. Volda kommune har ein nettmodell av vassleidningssystemet som kan brukast til enkel simulering av brannvassuttak før ein gir løyve til ny utbygging. Denne bør brukast aktivt for å få betre kontroll på flaskehalsar på vassleidningsnettet.

Det er ikkje gjort køyringar av leidningsnettet for å berekne brannvasskapasiteten i kommunen, men ut ifrå leidningsnettet i Volda sentrum med fleire ringleidningssystem, er det grunn til å tru at nettet i hovudsak skal tole brannvassuttak til bustadforemål på 20 l/s. Likevel er det i perifere sentrumsområde allereie registrert noko dårleg brannvassdekning. I sentrums- og industriområde og for bustadblokker stig kravet til brannvatn til 50 l/s, og normalt er det ikkje anbefalt å bruke dimensjon 160 mm i slike høve. I Volda sentrum er kapasiteten og dekninga dårleg i enkelte område, og dette må fokuserast på ved utskifting av leidningsnett i åra som kjem.

På bygdene er det opplyst om at brannvasskapasiteten til bustadfelt stort sett grei, men ein har opplevd at ein manglar vatn i område med større bygningar i spreidde bygdestrok.

Brannmannskapet har med seg digitalt leidningsnett i bilen, og opplyser om at dette er til stor nytte. For private vassverk manglar ein informasjon om leidningsnettet, og det er noko meir utfordrande å finne uttakspunkt for brannvatn der. Dette viser verdien av eit godt, ajourført, digitalt leidningsnett.

5.2 Spillvatn

5.2.1 Reinseanlegg for Volda sentrum

Eksisterande hovudreinseanlegg ligg på Vikeneset i Volda sentrum. Anlegget er frå 1999, og består av eit silanlegg med to rørsiler av typen Masko-Zoll. Eksisterande anlegg er dimensjonert for 7500 PE. Drifta av anlegget er utfordrande med store mengder framandvatn og sand og grus som slit hol på silduken. Anlegget er ofte sett fullstendig utav drift, mellom anna grunna sein leveranse av reservedelar, og avløp frå heile Volda sentrum går då direkte til sjø utan noko form for reinsing. Sjølv når det er normal drift på anlegget slit ein med å oppfylle krava til reinsing etter forureiningsforskrifta § 13-8:

- a) 20% reduksjon av SS-mengden i avløpsvannet beregnet som årlig middelvei av det som blir tilført reinseanlegget
- b) 100 mg SS/l ved utslipp beregnet som årlig middelvei,
- c) sil med lysåpning på maks 1 mm, eller
- d) slamavskiller utformet i samsvar med § 13-11.

Reinseanlegget står for utskifting og det er gjort fleire utgreiingar av forslag til plassering og utforming av nytt reinseanlegg. Det er i det høvet sett på moglegheiter for å samle avløp frå Mork og Furene i same reinseanlegg som Volda sentrum. Mork og Furene har i dag inga form for reinsing og ein reknar med ei framtidig belastning tilsvarande 2000 pe. Andre stader ein har sett på for plassering av reinseanlegget er i fjellhall på Juliaberget, Klippa og å

behalde plassering på Vikeneset. Det er også av kommunen vurdert alternativt daganlegg Juliaberget.

5.2.2 Reinseløysingar for bygdene

Tradisjonelt har ein ført avløp direkte til sjø utan noko form for reinsing. Denne løysinga i kombinasjon med spreitt busetting har ført til mange punktutslepp som fører til lokal forureining og påverknad på miljøet. I områda mellom Folkestad og Bjørneset er kommunale utslepp samla og ført via slamavskiljarar til sjø. Private utslepp er pålagt det same. Desse tiltaka har ført til at talet på direkteutslepp til sjø dei siste åra er gått ned. Område som framleis har direkteutslepp til sjø, der samling av utslepp er planlagt å halde fram er Lauvstad, Dravlaus, Steinsvika, Fyrde og Berknes/Lid.

Under bygging av Kvivsvegen vart det lagt spillvassleidning for samling av avløp frå Kalvvatn i eit eventuelt nytt reinseanlegg i Fyrde.

I EU sitt vassdirektiv er det eit uttalt mål om god tilstand på alle vassførekomstar innan utgangen av 2021. Jamfør kapittel om vassmiljø finst det lite data på tilstanden på vassførekomstane i kommunen, og opprydding av utslepp frå spreitt avløp bør difor vente til ein har henta inn tilstrekkeleg med informasjon for å vurdere tiltak.

5.2.3 Leidningsnett

Store delar av avløpssystemet i nedre delar av Volda sentrum er utført som fellessystem med utløp anten til silanlegget på Vikeneset eller direkte til sjø. Dei seinare åra er mykje av fellessystemet i sentrum skifta ut med separatsystem. Private tilknytingar er ikkje sanerte, og blir difor ført inn på spillvassnettet som fellessystem. Ein ser difor liten effekt på spillvassmengdene av det separeringsarbeidet som er gjort. Det er planlagt å sende ut pålegg til privatpersonar om å sanere kloakken på privat grunn med frist på to år. I områda over Volda sentrum er avløpsnettet utført som separatsystem. Mykje av leidningsnettet er gammalt, og utette avløpsleidningar fører til store mengder framandvatn som unødig blir ført til reinsing.

5.3 Overvatn

Det går fleire elver gjennom Volda sentrum. Volda kommune har hatt eit velfungerande system for overvatn der ein har ført overvatn i avskjerande grøfter til desse elvene. Dette har redusert belastninga frå overvatn på fellessystemet. Noko overvatn blir likevel ført til fellesleidningar som dei seinare åra har ført med seg nokre problem i dei lågaste områda i Volda sentrum. Enkelte eksisterande overvassleidningar har pressa kapasitet, truleg grunna meir utbygging i høgareliggande områder og auka nedbørsmengd.

Dimensjonerande nedbør med 50 års returperiode over 10 minutt på 86,5 l/s*ha. Eksisterande leidningsnett er ikkje dimensjonert for dette, og det er uvisst kor mykje kapasitet det er på elvene i forhold til oppdaterte dimensjonerande vassmengder. Det er sett i gong eit prosjekt for kartlegging av kapasiteten på elvene ut ifrå 200-årsflaum og 40 %

klimapåslag. Det vil vidare bli fokusert på å utbetre flaskehalsar i elvene, og sikre flaumutsette stader.

5.4 Digitalt leidningskart

Gjennom arbeidet med skildring av eksisterande situasjon for leidningsnett i Volda kommune er det undersøkt kva type relevant data som finst i det digitale leidningsnett. Kvaliteten på dei oppgitte verdiane er ikkje undersøkt. Eit godt digitalt leidningskartverk forenkler forvaltning, drift og vedlikehald av vatn- og avløpsanlegga og aukar kvaliteten på planlegging, prosjektering, dokumentasjon, rapportering og kommunal saksbehandling med meir. Dei komande åra med omfattande utskifting av eksisterande leidningar vil auke verdien av eit godt digitalt leidningskart, då dette gjer beslutninga om kva leidningar som skal skiftast ut enklare.

Dei fleste leidningane i leidningskartet inneheld materiale og dimensjon. Om det er kommunal eller privat drift på leidningane er òg godt dokumentert. Det er store manglar på høgder som igjen gjer det vanskeleg å få oversikt over korleis leidningsnett fungerer. Data for leggeår er fullstendig fråverande på leidningane, og det gjer det difor vanskeleg å peike på kvar ein skal konsentrere arbeidet med utskifting. Nokre leggeår er oppgitt på kummane, men dette er òg mangelfullt. Det finst ingen data på kva leidningar som er pumpeleidningar.

Fleire stader viser leidningskartet feil symbol på den typen leidning som faktisk ligg i grøfta. Dette fører til at det er vanskeleg å forstå korleis leidningsnett fungerer.

5.5 Vassmiljø

5.5.1 Vassforskrifta, Vann-nett og Vannmiljø

Vassforskrifta vart vedteke i 2007 og gjennomfører EUs vassdirektiv i norsk rett. Forskrifta er fastsett i medhald av forureiningslova, plan- og bygningslova og vassressurslova. Forskrifta fastsett miljømål for alle vassførekomstar (innsjø, elv/bekk, kystvatn og grunnvatn) og tidsfrist for når måla skal vere nådd. Det generelle miljømålet er *god økologisk tilstand* i trå med nærmare oppgitt kriteria i forskrift og rettleingar. Forskrifta skildrar òg ein omfattande planprosess med 6 års syklusar som skal gjennomførast for at måla skal bli nådd .

Norge er delt inn i 18 vassregionar. Kvar vassregion består av ei rekke mindre vassområde. Alle er inndelt etter nedbørfeltgrenser. Volda kommune ligg i vassområde Søre Sunnmøre i Møre og Romsdal vassregion der Møre og Romsdal fylkeskommune er vassregionmynde.

Regjeringa godkjende i 2016 dei regionale vassforvaltingsplanane. Desse planane gjeld for perioden 2016 til 2021. Planane er omfattande dokument, men dei gir i korte trekk juridisk bindande miljømål som skal vere nådd innan ein frist sett i planen. Planane peiker òg på moglege tiltak, men dei føreslåtte tiltaka er ikkje juridisk bindande. Kvar sektor (jordbruk, kommune/avløp, samferdsel/veg/jernbane/båt, fiskeri/havbruk) som påverkar vassmiljøet slik at målet ikkje blir nådd er likevel forplikta til å setje i verk tiltak slik at måla kan nåast innan fristen.


Tiltaka kan delast inn i to hovudgrupper. Gruppe éin er tiltak som har heimmel i eksisterande lovverk. Eit døme her er forureiningslova med forskrifter og krav den stiller til reinsing av avløp. Gruppe to er tiltak som ikkje har slik lovheimmel, men som likevel må gjennomførast for at måla skal nåast.

Den nettbaserte databasen Vann-nett (www.vann-nett.no) er forvaltingsverktøyet. Her ligg mellom anna kart over vassførekomstane og kunnskap om miljøtilstand, påverknader, miljømål og forslag til tiltak.

Eit viktig supplement til Vann-nett er den nettbaserte databasen Vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>). Dette er ein sentral database for lagring av data om vatn. Dette er i hovudsak fysisk/kjemiske data, men òg etter kvart mykje data på biologiske kvalitetselement.


5.5.2 Vassførekomstar, tilstand og risiko i Volda kommune

I forvaltningsdatabasen Vann-nett (NVE, 2017) er det registrert 121 vassførekomstar i Volda kommune (figur 4). Det er 83 elver/bekkar, 27 innsjøar og 11 kystvassførekomstar. Av desse er 6 bekkar/elver og 8 innsjøar registrert som sterkt modifiserte (SMVF). Det vil som regel seie at vassføringa er sterkt påverka av vasskraftanlegg eller anna vassuttak. Det er ikkje registret større kjente førekomstar av grunnvatn i lausmassar, men det kan likevel vere i alle fall mindre førekomstar lokalt.



Figur 4. Registrerte vassførekommstar i Volda kommune. Kjelde: www.vann-nett.no, januar 2017.

Klassifiseringa av tilstand viser at om lag 74% av vassførekommstane er i antatt god tilstand, 15 % i antatt moderat tilstand og 7,5 % i antatt dårleg tilstand (figur 5). Omgrepet «Antatt» brukast der det ikkje er lagt tilstrekkeleg med reelle data til grunn for klassifiseringa, berre såkalla påverknadsanalyse, ekspertvurderingar eller lokal kunnskap.



Figur 5. Tilstandsklassar for vassførekommstane i Volda kommune. «Antatt» betyr at det ikkje er lagt klassifiserbare data til grunn for fastsetting av tilstand. Kjelde: www.vann-nett.no, januar 2017.

I Vann-nett er det oppgitt at 36 vassførekommstane står i risiko for ikkje å oppnå miljømålet. Dei fleste er som følge av vasskraft eller anna vassuttak som påverkar fisk. Det er eit høgare tal enn dei vassførekommstane som ikkje er i god tilstand i dag (16 + 8 = 24). Ein bør ikkje legge vesentleg vekt på dette talet då opplysningane i Vann-nett for Volda kommune ikkje er godt gjennomarbeidd.

Kjemisk tilstand er ikkje sett for nokre av vassførekommstane.

5.5.3 Vassmiljødata i Volda kommune

Databasen Vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>) er den offentlege databasen for lagring av data om vassmiljø. Alle nye data som vert samla inn med bruk av statlege midlar skal leggst her. Det blir òg oppfordra til at eldre data blir lagt inn. Figur 6 viser kart over såkalla vasslokalitetar (mørk blå avgrensing). Dette er lokalitetar det er knytt data til. Tabell 4 gjev ei kort oppsummering av tal på lokalitetar og kva data ein i hovudsak finn.

Vi ser at det er flest vasslokalitetar i innsjøar og færrest i kystvatn. Grunnen til at det er fleire innsjølokalitetar registrert som flate her enn i Vann-nett er at ikkje alle innsjøar i Vann-nett er registrert som eigen vassførekomst.

Det er i hovudsak særst lite eller ingen data på fysiske eller kjemiske parametar bortsett frå i dei 5 lokalitetane i kystvatn. Data er i all hovudsak knytt til fisk, botndyr, elvemusling og eventuelle andre artar i innsjø og elv.

Ein må forvente at Volda kommune eller dei med private drikkevasskjelder har noko data for sine vasskjelder. Det kan òg vere andre overvåkingsdata som ikkje er lagt inn i databasen.



Figur 6. Kart med vasslokalitetar i Volda kommune. Mørke blå ringar er punktlokalitetar med data. Mørke blå omriss av innsjøar viser at det kan finnas data som i større grad er knytt til heile innsjøvolumet.

Vasskategori	Tal på vasslokalitetar med data	Kommentar
Kyst	5	Dei 4 lokalitetane utanfor Sandvika er overvåkingsstasjonar for akvakulturanlegg. Her ligg det mellom anna ei rekke data for tungmetall, biologiske data og biologiske indeksar og noko på næringsstoff, forsuring og oksygenforhold. Det ligg òg ein lokalitet utanfor ferjekaia i Volda. Her er det data på nokre tungmetall.
Innsjø	65 (8)	8 vasslokalitetar er punkt i kartet. 57 lokalitetar er data knytt til innsjøflate. Dei fleste data knytt til innsjøflate er data om fisk og fiskebestandar.
Bekk/elv	11	Mellom anna 2 lokalitetar i Øyraelva, 3 i Fyrdselva, 2 i Kilselva, 1 i Børelva og 1 i Folkestadelva. Registrerte data varierer mellom stasjonane, men er i all hovudsak førekomst av artar, noko botndyr samt noko bakteriar. Det er få eller ingen data på vasskjemi.

Tabell 4: Oppsummering av vasslokalitetar i Vannmiljø for Volda kommune.

5.5.4 Vassførekomst som kan vere påverka av avløpsanlegg

Det er svært lite data om påverknad i Vann-nett og det er ikkje fysiske eller kjemiske data i Vannmiljø som kan seie noko om ein vassførekomst er påverka av avløp eller ikkje. Vi har difor vald ut vassførekomst knytt til tettstader der VA-planen omtalar kommunale vatn og avløpsanlegg. Desse vassførekomstane er omtalt kort basert på registreringar i Vann-nett og egne vurderingar gjort i dette oppdraget (sjå vedlegg 1).

5.5.5 Vassførekomst som ikkje blir påverka av avløpsanlegg

Det er ikkje gått igjennom dei andre vassførekomstane som ikkje er omtalt over. Ein kan forvente at dei har same eller lågare kunnskapsnivå med tanke på tilstand og påverknad. Samstundes er det rimeleg å tru at dei aller fleste er i god tilstand med tanke på vasskjemi, men at enkelte som for eksempel er påverka av vasskraft eller anna årsak til redusert vassføring har dårlegare biologisk tilstand.

5.5.6 Vassførekomst som blir påverka av anlegg for vassforsyning

Nokre vassførekomst er påverka av anlegg for uttak av drikkevatt. Dette kan vere dammar eller inntaksdammar i innsjø, elv eller bekk. Slike anlegg kan påverke vasstand eller vassføring og hindre vandring av fisk. Denne type tiltak gjer at vassførekomsten kan ha blitt klassifisert som sterkt modifisert vassførekomst (SMVF), men det påverkar sjeldan vasskvaliteten, i alle fall ikkje oppstraums vassinntaket. Dersom det er stor påverknad av forureining nedstraums eit vassinntak kan resipientkapasiteten bli lågare og forureininga bli uakseptabel høg.

Det er ikkje funne informasjon om at uttak av drikkevatt gir uakseptable nivå av forureining i vassførekomstane.

Nokre anlegg er grunnvassbrønner. Desse påverkar i liten grad overflatevatn.

Vi legg til grunn at vasskvaliteten i drikkevasskjeldene blir overvaka i eigne program og går ikkje nærare inn på dette her.

5.5.7 Vassførekomst og påverknad frå landbruk

Det er i liten grad registrert påverknad frå landbruk i vassførekomstane. Det er likevel truleg at enkelte mindre vassførekomstar kan vere påverka. Sidan det er lite eller ingen vasskjemiske data frå vassførekomstane er det vanskeleg å peike på spesielle utfordringar knytt til landbruk.

I følgje Børild Skåra på landbrukskontoret gjennomførte landbruket frå 1980-tallet og fram til ca. 2000 ei rekke tiltak for å hindre utslepp frå punktkjelder som mellom anna gjødsellager og silopressaft. Etter den tid har det vore meir fokus på spreiring av husdyrgjødsel, både tidspunkt og mengd. Det er mellom anna krav til spreieareal og gjødselplan tilpassa areala ein driv.

5.5.8 Innspel til tiltak i avløpsplanen

Det er ikkje data i Vann-nett eller Vannmiljø som tyder på at det er større kjende utfordringar med forureining av vassførekomstar i Volda. Dette kan skuldast at Vann-nett på langt nær er jobba så mykje med at det gir eit reelt bilete av situasjonen. Men det kan òg vere eit teikn på at tilhøva er ganske gode i dei fleste vassførekomstane med tanke på forureining.

Det bør vurderast å starte eit overvåkingsprogram for utvalde vassførekomstar. Føremålet er å få avklart om dei er påverka av avløp i så stor grad at miljømålet ikkje blir nådd. Aktuelle vassførekomstar for ei slik overvaking er Rotevatnet, Storelva/Øyrelva, bekkane gjennom Volda (Håmyrelva, Heltneelva og elva mellom desse), Sagelva ved Mork/Furene, Fyrdselva, Kilspollen og Bjørkedalsvatnet.

Andre kandidatar som kan vurderast er Folkestadelva, Vassbakkkelva/Tungeelva, Dravlauselva, Ulvestadelva eller andre vassførekomstar med kjende påverknadar får avløp eller industri. Det bør òg vurderast om utvalde fjordar skal undersøkast for næringsstoff dersom ein trur dei kan vere for sterkt påverka.

Aktuelle parametarar for å identifisere påverknad frå avløp i ferskvatn bør minimum vere; totalt nitrogen (N-TOT), totalt fosfor (P-TOT) og E.coli. Andre parametarar kan kome i tillegg dersom ein mistenkjer andre kjelder til forureining.

Før ein set i gong eit overvåkingsprogram bør ein rådføre seg med koordinator for vassområdet og eventuelt Fylkesmannen. Ein kan då sikre at ein gjennomfører eit opplegg som tener fleire partar. Alle nye data bør leggest inn i Vannmiljø.

6 Vatn

6.1 Målsetting

Hovudmål:

- Driftssikker vassforsyning med tilfredsstillande trykk og vasskvalitet

Delmål:

- Vassforsyninga i Volda kommune skal møte Mattilsynet sine krav til mengde og kvalitet
- Det skal sikrast tilfredsstillande naudvassforsyning for alle kommunale vassverk
- Utsifting av 3 % eller ca. 2 km vassleidning i året som reduserer lekkasjar av reint vatn
- Styrke samarbeidet med nabokommunar
- Tilfredsstillande brannvassforsyning, 20 l/s i bustadsområde og 50 l/s i industriområde
- Forsterke og sikre beredskap knytt mot uvanlege og kritiske hendingar

6.2 Vurdering av tiltak


Det er gjort vurderingar av ei rekke tiltak som vil vere med på å løfte kvaliteten på vassforsyninga i Volda kommune, møte krav til mengd og kvalitet og auke forsyningstryggleiken.

6.2.1 Vassreinsing Dinglavatnet

Det at Dinglavatnet berre har éin hygienisk barriere fører med seg uvisse rundt tryggleiken for at vatnet som blir levert forbrukarane er av den kvaliteten som er påkravd. Det er vurdert nokre tiltak som kan auke det hygieniske barrierenivået i trå med Mattilsynet sitt krav. Dei følgjande alternativa vil kome i tillegg til den eksisterande løysinga med UV-filter.

6.2.1.1 UV-filter

Den eksisterande vassreinseløysinga med UV-filter leverer vatn til forbrukarane med god smak og kvalitet. Ein viktig fordel med UV som reinseprosess er at det ikkje forbruker vatn. Det er framleis kapasitet på Dinglavatnet til å møte framtidig vassforbruk, men det kan bli kapasitetsproblem om ein legg opp til auka vassforbruk i vassproduksjonen. Det bør difor vurderast om ein kan få godkjend eit ekstra UV-filter som hygienisk barriere nummer 2. Fargetalet på råvatnet frå Dinglavatnet varierer noko, men ein har sidan år 2000 berre hatt fire målingar over 20 mgPt/l. Middelerdi og median for målingane er 9 mgPt/l, og 95-persentilen ligg på 14 mgPt/l og mindre, sjå Figur 7. UV-transmisjonen ligg alltid over 40 %, som er det kravet som blir sett for desinfeksjon av bakteriesporar. Ein har gode erfaringar med drifta av UV-filter i kommunen. Ulempa med to UV-filter i serie som to hygieniske barrierar er at dei ikkje er uavhengige av kvarandre.



Figur 7: Fargetal frå Dinglavatnet. 337 prøver frå 2000-2016.

6.2.1.2 Ozonering/biofiltrering

Ozonering som reinseprosess drep bakteriar, virus og nokre parasittar. Prosessen fjernar òg farge frå vatnet og gir vatnet god smak og lukt. Ozon blir generert frå lufta og blanda med råvatnet. Etter ei viss kontakttid blir vatnet ført gjennom eit marmorfilter og vidare gjennom eit biofilter. Ozonering/biofiltrering i forkant av UV-filtrering kan gi betre effekt av UV-filtreringa då partiklar og farge blir fjerna frå vatnet før UV-filteret. Å installere eit ozonering/biofiltreringsanlegg vil krevje mykje plass og vere ei stor ombygging av eksisterande anlegg. I tillegg forbruker løysinga vatn gjennom filtrering. Det bør undersøkast nærmare om vassforbruket er innanfor eit akseptabelt nivå med tanke på kapasitet på vasskjelda.

6.2.1.3 Kjemisk felling med sandfilter

Som alternativ til ozonering/biofiltrering kan humusfjerning vere eit aktuelt alternativ, til dømes med kjemisk felling og sandfiltrering. Her finst det kommersielle løysingar som har kontinuerleg drift utan nedetid under tilbakespyling av filteret. Forventa vatn som går til spille er 10-15 % av brukt råvatn. Med ein kapasitet på vasskjelda på 63 l/s, kan ein forvente ca. 53 l/s til vidare vassproduksjon. Ein har med ei slik løysing 10 % kapasitet utover dagens situasjon.

6.2.1.4 Membranfiltrering

Membranfiltrering er eit prinsipp der vatnet med høgt trykk blir pressa gjennom små porer. Metoden er i Noreg brukt mykje som fargefjerning ved at humusmolekyl blir heldt tilbake. Med små nok porer blir det i kombinasjon med desinfeksjon, til dømes UV, rekna som tilstrekkeleg for å oppnå to hygieniske barrierar. Ein må rekne med at 20-30 % av råvatnet går med til vasking og spyling av membranane, og med den kapasiteten som er på Dinglavatnet, blir ikkje dette sett på som eit alternativ.

6.2.1.5 Klorering

Ved tilsetjing av klor til drikkevandet vil ein kunne få god desinfiserande effekt av bakteriar og virus, mindre på parasittar. Anlegget vil krevje ei mindre investering, og vere rimeleg i drift. Grunna humusinnhaldet i råvatnet frå Dinglavatnet vil ein kunne få uynskt smak og lukt av vatnet og produksjon av desinfeksjonsbiprodukt som følgje av reaksjon mellom klor og humus. Det kjem i dag meldingar frå forbrukarar om vond smak av vatnet etter at ein har brukt klor for desinfeksjon av til dømes høgdebasseng sjølv ved små dosar.

6.2.2 Reservevatn

Det blir arbeidd med samankopling mellom vassverka i Volda og Ørsta. Ved havari i vassforsyninga frå Dinglavatnet, vil forsyning frå Ørsta kunne gi om lag 30 % av naudsynt vassforsyning, men vil ikkje kunne telje som fullstendig reservevassforsyning. Dei to vasskjeldene i Mork blir små i forhold til det behovet ein vil ha for reservevatn, og avstanden til andre vassverk er for stor til at det vil vere naturleg å kople desse saman. Eit notat frå 2013 på ei modellkøring av leidningsnettet viser at leidningsnettet mellom Ørsta og Volda sentrum skal vere i stand til å levere 20 l/s frå Ørsta, gitt noko ombygging av nettet. Det er vurdert nokre moglegheiter for å skaffe 100 % reservevassforsyning, og dette kan verke vanskeleg. Som eit alternativ bør ein skaffe noko reservevassforsyning samstundes som at ein aukar tryggleiken på den forsyninga ein har i dag.

For å skaffe fullstendig reservevasskjelde for Volda sentrum verkar det naudsynt å etablere ei ny vasskjelde. Det vart i 2007 gjort grunnvassboringar i rundt elvene som renn ut i Rotevatnet i Vassbotnen. Grunnvatnet hadde høgt innhald av jern og mangan, noko som er vanleg ved grunnvatn. Rapporten frå grunnvassboringa konkluderte med at ein burde vurdere fullreinsing av Rotevatnet opp imot grunnvassløysing. Det vart ikkje utført vassuttak over tid, og ein kunne difor ikkje slå fast kapasiteten på grunnvassforsyninga nøyaktig, men det vart anslått til 10-15 l/s. Den låge kapasiteten på ei grunnvassløysing fører til at ein bør samanlikne grunnvassuttak og ei løysing der ein fullreinsar vatn direkte frå Rotevatnet.

Rotevatnet er stort med om lag ti gongar større areal enn Dinglavatnet, og er lett tilgjengeleg med eksisterande infrastruktur i nærleiken av vatnet. Det er jordbruk og bustadfelt i nedbørfeltet i nord, og tilrettelagt for fritidsbruk med tursti, golfbane og badeplass rundt vatnet. Ein kan difor ikkje rekne kjelde og nedbørfelt som hygienisk barriere. Ved bruk av Rotevatnet som vasskjelde må ein legge opp til to reinsetrinn som begge representerer éin hygienisk barriere for at dette skal bli godkjent av Mattilsynet.

6.2.2.1 Samankopling med Ørsta

Med samankopling av vassverka for Volda og Ørsta, vil ein med forholdsvis små grep kunne sikre noko reservevatn for Volda sentrum. Det må leggest om lag 600 meter med ny leidning, og etablerast nokre nye trykkaukingsstasjonar for å kunne forsyne vatn heilt opp til HB2.

6.2.2.2 Ny vasskjelde Rotevatnet

Det er blitt peikt på moglegheiter for fullreinsing av Rotevatnet som ny vasskjelde for Volda sentrum. Dette vil gi store drifts- og investeringskostnadar utan at det aukar forsyningstryggleiken betrakteleg, då eksisterande vasskjelde, Dinglavatnet, er del av

nedbørfeltet til Rotevatnet. Ved ei alvorleg forureining av Dinglavatnet, risikerer ein at dette går til eit eventuelt vassverk for Rotevatnet, og forsyningstryggleiken blir difor ikkje så høg som ynskjeleg.

Grunnvassuttak rundt elvene som leiar til Rotevatnet kan vere eit alternativ som supplement til reservevassforsyning frå Ørsta, men vil ikkje gi 100 % reservevassforsyning. Drift- og investeringskostnadar vil òg her vere betydelege, men kan vere ei god løysing som kan sikre om lag 60 % reservekapasitet saman med samankopling med Ørsta. Fullskala testpumping med prøvetaking av vasskvaliteten er første steg for å få vurdert om dette er ei løysing som er verdt å satse på. Med denne løysinga kan ein sikre vassforsyning til viktige institusjonar sjølv om Dinglavatnet skulle falle bort. Viser òg til rapport frå NGU-2007 – Grunnvassundersøkingar og borerapportar.

6.2.3 Auke kapasiteten på høgdebassenget HB2

Med dei utfordringane ein har rundt reservevatnet i Volda sentrum, vil det vere fornuftig å utvide naudvassforsyninga som i dag er på 12 timar. Tiltaket bør prioriterast for å auke forsyningstryggleiken for Volda sentrum, og konsekvensane ved utfall av Dinglavatnet blir redusert.

6.2.4 Ny vassleidning til vassverket

Eksisterande vassleidning frå Dinglavatn og til hovudvassverket går det berre ei leidning på det siste, bratte stykket ned til vassverket er lagt i PVC. Ved brot på denne leidninga vil ein ha berre 12 timar på seg før heile Volda sentrum står utan vatn. På vinterstid vil tilkomsten vere problematisk, og 12 timar kan vere for lite for å få reparert eit mogleg brot. Tiltaket med å legge ei ny leidning bør prioriterast for å auke forsyningstryggleiken for Volda sentrum.

6.2.5 Naudstraumsaggregat på kommunale vassverk

Då alle vassverka i kommunen baserer seg på UV som desinfeksjonsmetode, som er avhengig av elektrisitet for å fungere, vil den hygieniske kvaliteten på vatnet hjå forbrukarane vere sårbar for lengre straumbrot. I dag er det berre Dinglavatnet som har naudstraumsaggregat. Det er kjøpt inn fleire naudstraumsaggregat som skal tilkoblant ved dei kommunale vassverka. Det vil ta noko tid før desse er operative og ferdigstilt på alle anlegg.

6.2.6 Nytt inntak for Dravlaus vassverk

Ved etablering av nytt inntak for Dravlaus vassverk vil ein kunne få noko grovsiling av råvatnet gjennom inntaksrist til kraftverket. Dette kan vere med på å heve kvaliteten på råvatnet. Truleg vil ein trenge utvida reinsing og nybygg på vassverket.

6.2.7 Nytt inntak for Lauvstad vassverk

Eit nytt inntak vil føre til sikrere vassforsyning til Lauvstad og fjerne det farlege arbeidet med å setje ut pumper i Ulvestadelva. Eksisterande inntak kan brukast som reserveinntak når nytt

inntak er på plass. Truleg vil ein òg trenge noko utvida reinsing, nybygg og kanskje høgdebasseng.

6.2.8 Samankopling av vassverka Dravlaus og Lauvstad

Både Dravlaus og Lauvstad manglar reservevassforsyning. Med nye inntak for vassverka kan Dravlaus og Lauvstad fungere som gjensidig reservevassforsyning for kvarandre. Ein må då kople saman vassverka som er tenkt med sjøleidning. Behov for trykkaukingsstasjonar må vurderast meir nøye ved detaljering. Grunna nye tiltak med vassinntaka for begge bygder blir samankopling ikkje så aktuelt nærast tid.

6.2.9 Høgdebasseng på Fyrde

Ved å bygge nytt høgdebasseng nærare vassverket i Sunndalen, vil ein sikre vassforsyning til alle òg ved kortare stans i vassproduksjonen. Ved tilfelle der ein treng å klorere vatnet for å oppnå tilstrekkeleg kvalitet på vatnet til forbrukarane, vil ein ved nytt høgdebasseng få den nødvendige reaksjonstida til kloreringa før vatnet går til forbrukarane. I dette høve må det vurderast om ein skal ta eksisterande høgdebasseng i sentrum ut av bruk, og om ein då må legge ny vassleidning frå nytt høgdebasseng for å tilfredsstille krav til brannvassdekning.

6.2.10 Utbetring av dammane på Dinglavatnet

Det er etter synfaring med NVE blitt kommentert at dammane ikkje tilfredsstiller dagens krav til fyllingsdammar. Utbetringar vil difor vere naudsynt i nært føreståande framtid. Sikrings-tiltak rundt vatnet og i tilsigområdet må vurderast for beskyttelse av denne hovudvasskilda.

Nye varslings-og opplysningsskilt er også viktige tiltak.

6.2.11 Fargefjerning på Lauvstad

Det høge fargetalet på Lauvstad fører til at ein ikkje har den naudsynte hygieniske tryggleiken ved bruk av UV-desinfeksjon. Med fargefjerning vil ein oppnå høgare effekt av UV-filteret. Tiltaket blir vurdert gjennomført etter at nytt inntak er etablert, og nye målingar på råvasskvaliteten er gjort. Sjå 6.2.7

6.2.12 Ekstra hygieniske barrierar

Ingen av vassverka har to hygieniske barrierar, som ein er pålagt å ha. Kommunen har god erfaring med UV-filter, og det kan vere mogleg å få godkjent to trinn med UV-filtrering som tilstrekkelege hygieniske barrierar. Dette vil vere aktuelt for alle kommunale vassverk utanom Lauvstad, der fargetalet er så høgt, at ein ikkje kan rekne med UV-desinfeksjon som tilstrekkeleg. For vassverka Nøre Bjørkedalen, Hjartåbygda og Berkneset må ein vurdere om råvasskvaliteten er så god at eit ekstra desinfeksjonstrinn ikkje er naudsynt. Desse tre vassverka forsyner ikkje mange pe, og med naudstraumsaggregat kan det vere at forsyningstryggleiken blir god nok. Dei vassverka som vil krevje ny barriere vil truleg måtte utvide sjølve bygget for å få plass til utvidingane. Desse tiltaka er svært varierende og har stor variasjon i kompleksitet. Vi har difor estimert eit samla tall her i handlingsplanen.

6.2.13 Ajourføring av digitalt leidningsnett

Det lite oppdaterte digitale leidningsnett gjer det vanskeleg å systematisert gjere utbetringar av leidningsnett. Det er òg lettare å prosjektere nye leidningar om ein har eit oppdatert digitalt leidningsnett med høgder, anleggsår, dimensjon, materiale osv. Som ein del av arbeidet med å oppdatere digitalt leidningsnett bør det òg vurderast kva database-verkty som finst, og kva ein skal bruke framover. GIS/LINE VA og Gemini VA er dei mest brukte av norske kommunar. Til arbeidet med dokumentasjon av leidningsnett vil det vere naudsynt å ha tilgang på GPS med tilstrekkeleg nøyaktigheit, og innkjøp av dette er aktuelt.

6.3 Handlingsplan

Det blir vurdert til at ein har større utfordringar med spillvatn enn med vatn, men grunna at prosessen med bygging av nytt reinseanlegg truleg tek lang tid med regulering, blir det forsøkt sett i gong utbetringar rundt vassverket for Dinglavatnet så snart som mogleg. Handlingsplan for vassforsyning er vist i

Tiltak	Kostnader i mill. NOK						
	SUM	2017	2018	2019	2020	2021	2022->
Nytt vassinntak på Dravlaus	4.3		4.3				
Nytt bygg reduksjonshus Hoggen	1.0		1.0				
Rehabilitering av HB1	2.0		1.0	1.0			
Reduksjonshus Raudemyra	3.5		3.5				
Prosjektering og bygging av nytt HB2	16.0			1.0	5.0	10.0	
Reduksjonshus Bratteberg	3.5			3.5			
Samankopling med Ørsta	5.1			5.1			
Nytt vassinntak på Lauvstad	2.9			0.4	2.5		
Naudstraumsaggregat på kommunale vassverk	1.3				0.7	0.8	
UV-UV kommunale vassverk - Ombygging	30.9				0.9	10.0	20.0
Høgdebasseng Fyrde	3.4					3.4	
Utbetring av dammane på Dinglavatnet	20.0					10.0	10.0
Trykkforsterking Klatrevegen (pumpestasjon)	2.0						2.0
Leidningsutskifting*			8.8	27.6	19.0	16.5	TBA
Totalt/år			18.6	38.6	28.1	50.7	32.0

Tabell 5.

Tiltak	Kostnader i mill. NOK						
	SUM	2017	2018	2019	2020	2021	2022->

Nytt vassinntak på Dravlaus	4.3		4.3				
Nytt bygg reduksjonshus Hoggen	1.0		1.0				
Rehabilitering av HB1	2.0		1.0	1.0			
Reduksjonshus Raudemyra	3.5		3.5				
Prosjektering og bygging av nytt HB2	16.0			1.0	5.0	10.0	
Reduksjonshus Bratteberg	3.5			3.5			
Samankopling med Ørsta	5.1			5.1			
Nytt vassinntak på Lauvstad	2.9			0.4	2.5		
Naudstraumsaggregat på kommunale vassverk	1.3				0.7	0.8	
UV-UV kommunale vassverk - Ombygging	30.9				0.9	10.0	20.0
Høgdebasseng Fyrde	3.4					3.4	
Utbetring av dammane på Dinglavatnet	20.0					10.0	10.0
Trykkforsterking Klatrevegen (pumpestasjon)	2.0						2.0
Leidningsutskifting*			8.8	27.6	19.0	16.5	TBA
Totalt/år			18.6	38.6	28.1	50.7	32.0

Tabell 5: Handlingsplan vassforsyning.

7 Spillvatn

7.1 Målsetting

Hovudmål:

- Effektiv handtering av spillvatn og overvatn som ikkje skapar helse- og miljøproblem, skadar eigendomar eller medfører ulemper for innbyggjarar
- Tilnærma naturtilstand i vassdrag, grunnvatn og fjord

Delmål:

- Samle utslepp og bygge ut reinseanlegg på bygdene
- Rehabiliter og sanere avløpsnett som reduserer lekkasjar av spillvatn ut frå og overvatn inn på spillvassnett
- Redusere nedetid på reinseanlegget for sentrum
- Auke bruken av dataovervåking av VA-anlegg
- Slambehandling på ein miljømessig og økonomisk fordelaktig måte

7.2 Vurdering av tiltak

7.2.1 Nytt hovudreinseanlegg

Nytt hovudreinseanlegg for spillvatn bør etablerast så snart som mogleg, og det blir fokusert på samla reinsing for sentrum, Mork og Furene. Med eit nytt og driftssikkert reinseanlegg for spillvatn vil ein hindre at avløp frå rundt 10 000 pe går ureinsa til sjø i lengre periodar. Det er fordelar og ulemper ved alle dei utgreidde plasseringane for nytt reinseanlegg, og det verkar vanskeleg å finne ei betre plassering. Dette er eit tiltak som hastar då kommunen, som forureiningsmynde, ikkje bør godta at reinsekrava ikkje blir nådd, og at det i store periodar ikkje finst noko form for reinsing i det heile.

7.2.1.1 Plassering på Mork

Ved plassering av reinseanlegget på Mork vil ein få samla avløp frå Volda sentrum og Mork i same reinseanlegget i staden for å måtte drifte fleire mindre anlegg. Ein har moglegheit til å setje av eit stort areal til føremålet, som sikrar moglegheiter for vidare utbygging viss det skulle bli behov for det på eit seinare tidspunkt.

7.2.1.2 Plassering på Klippa

Kostnadane ved plassering av reinseanlegget på Klippa vil vere om lag like som ved plassering på Mork, gitt at ein samlar alt avløpet frå sentrum og Mork. Ein har på Klippa ikkje like mykje plass som på Mork, men utgreingar frå tidlegare rapportar, viser at det skal vere tilstrekkeleg for nytt anlegg på Klippa.

7.2.1.3 Plassering på Vikeneset

På Vikeneset er det så lite plass at ein ikkje vil kunne klare å bygge ei tilfredsstillande reinseløysing for noko anna enn minimumskrav til reinsing. Viss det skulle bli aktuelt å utvide anlegget i framtida, er Vikeneset uaktuelt.

Ei mellombels løysing, som ikkje bør bli permanent, er å byte ut silene på Vikeneset med meir moderne siler som kan oppfylle primærreinskrava. Gjer ein dette, vil ein kunne skaffe seg noko meir tid til planlegging og bygging av nytt, moderne reinseanlegg.

7.2.1.4 Plassering i Juliaberget, fjellanlegg

Fjellanlegg i Juliaberget er den desidert dyraste løysinga, men gir samstundes god plass til naudsynte reinseprosessar.

7.2.1.5 Plassering i Juliaberget, daganlegg

Det er i detaljstudien av hovudreinseanlegg for Volda ikkje sett på daganlegg for plassering ved Juliaberget, då dette vil føre til store inngrep i fjellet. Det kan likevel vere aktuelt å sjå på løysinga med daganlegg viss ein legg om vegen for å gjere plass til reinseanlegget. Det er ikkje sett detaljert på denne løysinga, men bør vurderast opp imot dei andre alternativa.

7.2.2 Pumpeleidning mellom Sentrum og Mork

Ein føresetnad for samlokalisering av reinseanlegg for Sentrum og Mork er ei pumpeleidning mellom stadane.

7.2.3 Pumpestasjonar i Naustvegen og Hamnegata og Sivert Aarflot

Det er fleire direkteutslepp til sjø i Volda sentrum som ein får kopla til reinsing ved innsetting av pumpestasjonar.

7.2.4 Separering av private påslepp til kommunalt nett

Ved å pålegge private husstandar å sanere og separere påsleppa sine til kommunalt nett, vil ein få betre utnytting av det kommunale spillvassnettet og det separeringsarbeidet som er gjort. Før dette arbeidet er gjort, vil ein framleis få store delar framandvatn inn på spillvassnettet, og ein må pumpe på og reinse vatn som ikkje treng reinsing.

7.2.5 Slamavskiljar Dravlaus, Lauvstad, Søre Bjørkedalen (RA), Fyrde, Steinsvika, Berknes og Lid og Ekset

Mange av bygdene fører i dag avløpet direkte til sjø. Det er nasjonalt fokus på utslepp frå spreitt busetting, og ein er pålagt å rydde opp i dette innan utgongen av 2020. Likevel bør ein i Volda kommune halde fokus på det som skjer i Volda sentrum, då det er her dei store utsleppa går føre seg. Samstundes som ein gjer ein innsats for å reinse vatn frå sentrum, bør ein ta målingar av resipientane til avløpet frå spreitt busetting. Vidare bør ein setje opp ei prioritering av kva område som er mest påverka av avløp frå spreitt busetting.

Ved innsetjing av ein slamavskiljar kan får ein reinsa desse utsleppa på ein enkel måte. Det er generelt stor uvisse til kva for nokre hus som har private slamavskiljarar, og det vil vere viktig å få kartlagt dette før ein set i gong med bygging av slamavskiljarar. Gode tømmeordningar av private slamavskiljarar kan gi ei tilstrekkeleg avløpsløyising i område med spreitt busetting.

7.2.5.1 *Dravlaus*

På Dravlaus har ein registrert to kommunale utslepp og eitt privat utslepp. Det er antatt mellom 10 og 15 bustadar tilknytt eller moglegheit for tilknytning for kvart utslepp. Det er allereie regulert inn areal for slamavskiljar ved skulen. For det andre kommunale utsleppet må det vurderast nytten av ein felles slamavskiljar. Tilknytningane til denne leidninga er frå eit nyare bustadfelt, der det er sannsynleg at kvart einskild hus har eigen slamavskiljar. Den private utsleppsleidninga er av uviss kvalitet, og denne bør vurderast overtatt av kommunen samstundes som ein set inn ein slamavskiljar om ho held tilstrekkeleg kvalitet.

7.2.5.2 *Lauvstad*

Det er foreslått innsetjing av to slamavskiljarar på Lauvstad, éin på utsleppsleidninga frå skulen, og éin i sentrum der ein forsøker å samle alle utslepp. Det vil vere naudsynt å pumpe noko av spillvatnet om ein skal få med seg alle husstandar. For den sørlegaste delen av Lauvstad må eksisterande utslepp lokaliserast og reinsebehov må vurderast ut ifrå eventuelle eksisterande reinseløyisingar.

7.2.5.3 *Søre Bjørkedalen*

Eksisterande reinseanlegg for Søre Bjørkedalen fungerer lite optimalt. Det er difor vurdert som naudsynt å bygge nytt reinseanlegg/slamavskiljar her. Målingar av vasskvaliteten i vatnet vil gi ein indikasjon på kor mykje dette hastar.

7.2.5.4 *Fyrde*

Det er avsett areal til handtering av avløp i reguleringsplanen for Fyrde. Dette vil vere aktuelt for bruk til ein slamavskiljar. Utfordringar rundt denne løysinga vil vere om plassen er stor nok til ein slamavskiljar for heile Fyrde og om ein får lagt utløpet ut frå sone for ferskvatn. Det er mykje fjell i området, så ein må rekne med sprengingsarbeid.

7.2.5.5 *Steinsvika*

I Steinsvika er topografien og leidningsnettlet slik at ein ganske enkelt kan kople om lag 50 pe frå Steinsvikvegen og Treneset inn på ein slamavskiljar. Øvrige hus vil krevje meir omfattande utbygging for å bli kopla på slamavskiljaren.

7.2.5.6 *Berkneset og Lid*

Det er i dag to utsleppsleidningar på Lid som går direkte til sjø med ca. 70 og 150 pe tilknytt. Ein kan forvente god effekt med enkle grep om ein set inn desse to slamavskiljarane. Det er uvisst om alle eksisterande leidningar ligg inne i digitalt leidningskart, og det må difor vurderast om det skal leggest nye leidningar for å få knytt til fleire bustadar.

7.2.5.7 Ekset

Ein klarer ikkje å leie alt vatn med sjølvfall til nytt reinseanlegg på Mork. Det kan difor vere aktuelt å plassere ein slamavskiljar på Ekset for å fange opp spillvatn frå dei husa som ligg lågast.

7.2.6 Pumpestasjon Kalvatn

Pumpestasjon på Kalvatn med pumping til Fyrde vil kunne samle og reinse avløp frå nokre husstandar og gardar med direkteutslepp til ferskvatn. Dette er eit tiltak som må vurderast etter at vasskvaliteten på vassdraget er undersøkt. Det skal vere lagt avløpsleidning langs E39 Kvivsvegen.

7.2.7 Ajourføring av digital leidningskart

Ved å undersøke og registrere leidningsnett og å føre dette inn i det digitale leidningskartet vil ein opparbeide seg og lagre kunnskap om leidningsnett slik at ein lettare kan sjå kvar det er naudsynt og aktuelt å gjere tiltak på leidningsnett. Dette bør prioriterast for å gjere arbeidet med dei andre tiltaka lettare.

7.2.8 Leidningsutskifting

Nasjonale mål for leidningsutskifting er på 2 % per år for å oppretthalde ein akseptabel standard. I høve bygging av nytt avløpsreinseanlegg ynskjer ein å ha noko høgare takt på leidningsutskiftinga, då dette kan redusere mengdene med framandvatn på avløpsnettet. Det blir lagt opp til 3 % leidningsutskifting i året, noko som tilsvarar om lag 2 km utskifting i året. Ein vil med dette få ein lågare snittalder på leidningsnett.

Som eit verkty for å ta fornuftige avgjerder om kva leidningar som skal skiftast ut, bør det vurderast å ta i bruk digital VA-forvaltning (DiVA). Dette er eit nytt konsept som tek sikte på å samle inn data om leidningsnett, og på bakgrunn av dette ta avgjerder for kva leidningar som skal skiftast ut. Då reduserer ein risikoen for at ein skifter ut leidningar som ikkje treng utskifting. I den same prosessen blir ein tvungen til å hente inn data om leidningsnett og legge dette inn digitalt.

Traséar for leidningsutskifting er i denne omgang vald ut ifrå stader der det ligg leidningar av grått støypejern og asbestbetong, som er leiingstypar som ein veit at det ofte er lekkasjar og brot. Det er òg plukka ut strekk med anna materiale der ein har hatt hyppige brot. Det er forsøkt å skifte ut leidningar slik at ein til slutt sit att med eit fullstendig separert avløpsnett mellom spillvatn og overvatn.

7.2.9 Overvaking av vasskvalitet og vassmiljø

Etter EU's vassdirektiv skal kommuner ha oversikt og ha kontroll med vassstilstanden i elver/bekk, innsjø, grunnvatn og kystvatn. Dette etter oppsette miljømål i vassforskrifta.

Grunna dette bør ein lage ein vassprøveplan for å få ein oversikt i tilstanden rundt om i kommunen på dei mest aktuelle stader. Pkt.5.5 omhandlar vassforskrifta og vannmiljø.

7.3 Handlingsplan

Det er lagt opp til rask oppstart av konkret planlegging av nytt spillvassreinseanlegg for Volda sentrum, men reguleringsprosessen kjem til å ta tid. I det høvet bør ein og halde fokus på å redusere innlekkasjar til nettet. Samstundes bør ein kartlegge korleis vassførekomstane blir påverka av avløp frå spreitt busetting, men det blir ikkje lagt opp til omfattande reinsing av desse før ein er ferdig med reinseanlegg for Volda sentrum. Handlingsplanen er presentert i Tabell 6.

Tiltak	Kostnader i mill. NOK						
	SUM	2017	2018	2019	2020	2021	2022->
Nytt hovudreinseanlegg (inkl. Mork)	54.8	0.8	5.0	10.0	10.0	20.0	10.0
Reinseanlegg Søre Bjørkedalen	1.7		1.7				
Avløpsledning Folkestad	1.5		1.5				
Slamavskiljar Fyrde	3.3			3.3			
Slamavskiljar Dravlaus inkl. veg	5.3		3.3		2.0		
Ombygging av pumpestasjonar	3.0			1.5	1.5		
Nytt bygg Myrtun							
Slamavskiljar Ekset	1.0				1.0		
Slamavskiljar Lauvstad	6.4					6.4	
Slamavskiljar Steinsvika	1.5						1.5
Slamavskiljar Dalsbygda	2.0						2.0
Pumpestasjon Naustvegen	2.0						2.0
Pumpestasjon Hamnegata	2.0						2.0
Pumpestasjon Sivert Aarflotvegen	2.0						2.0
Pumpestasjon Kalvatn	2.0						2.0
Ajourføring av leidningskart	0.9			0.3	0.3	0.3	
Overvaking av vassmiljø	1.8			0.3	0.3	0.3	0.9
Leidningsutskiftingar*			5.0	2.3	14.0	6.5	TBA
Totalt/år		0.8	15.5	17.7	29.1	33.5	22.4

Tabell 6: Handlingsplan for avløp.

På side 5 er det presentert alternative kostnader til nytt hovudreinseanlegg basert på dei alternativa som ligg føre.

8 Leidningsutskifting

I Tabell 7 **Error! Reference source not found.** er det lista opp leidningstraséar som ein bør starte med å skifte ut. Desse traséane er ikkje nok til å redusere leidningsalder betydeleg. Det bør difor arbeidast med fleire utskiftingar enn desse. Når ein skiftar ut leidningstraséar som ligg i veg, bør ein samastundes sjå på kva vegutbetringar ein bør gjere, og forsøke å dele kostnadane mellom faga.

Prioritering	Avløp/Vatn	Leidningsstrek	Lengd [m]	2017	2018	2019	2020	2021 ->
	A/V	Porsemyrvegen	730	3.3	7.0			
	V	Heltnevegen (pågåande)	200	1.0	1.0			
	V	Håmyra	-	0.9	2.0			
1.	V	Dinglevatn – HB2	1800		0.8	15		
2.	A/V	Myravegen (ØRN)	170		3.0			
3.	V	Trykkreduksjon Morksenter	50			0.3		
4.	A/V	Heltnevegen	200			4.0		
5.	A/V	Grønbakken/Nygardsvegen/Bakkevegen Etc.	550			0.6	6.0	
6.	V	Røysildvegen-Einebakken (HB1)	520			10		
7.	A	Klokkarvegen-Kleppevegen	370				4.0	
8.	A/V	Raudemyrvegen	860				12	
9.	A/V	Seljebakken(Hauane)-Gamlevegen	713				15	
10.	A/V	Røysbakken	150					3.0
11.	V	Røyslidvegen-Gamletunvegen	510					10
12.	A/V	Storgata-Snarvegen-Gymnasvegen	450					10
	A	Kårstadvegen-Lindevegen	400					
	A/V	Kårstadvegen-Røysildvegen	230					
	A/V	Fjellvegen	200					
	A	Fedengarden	110					
	V	Engesetvegen-Rognelida-Kapteinsvegen	260					
	A/V	Prestegata (Prosjekt med vegvesenet)	610					
	A/V	Naustvegen-Ristevegen	330					
	A/V	Sagelva(Industrigata)	300					
		Hamnegata??? Treng vi å gjere noko her?	180					

A	Overvassledning Vevendelvegen/Storgata (trekkestrømpe)	150					
	SUM Avløp		5.0	2.3	14.0	6.5	
	SUM Vatn		8.8	27.6	19.0	16.5	

Tabell 7: Handlingsplan for leidningsutskifting VA, enkeltstående og i samband med vegtiltak.

9 Overvatn

9.1 Målsetting

- Effektiv handtering av overvatn som ikkje skadar eigendomar eller medfører ulemper for innbyggjarar.

9.2 Vurdering av tiltak

Arbeid med separering av avløpsnett vil føre til reduserte mengder overvatn på spillvassnett. Det er med dette grunn til å tru at problematikk med overvatn òg blir redusert, gitt at dimensjonane på overvassleidningane er store nok. Ved vidare utbygging i områda over Volda sentrum, bør fordrøyingsanlegg vurderast for ikkje å auke belastninga på nedstraums nett og elver.

9.2.1 Flaumsikring Melshornsida

Det er sett i gong eit prosjekt for å modellere elvene som går gjennom Volda sentrum frå Melshornsida. Ein ynskjer med dette å sjå på moglegheiter for å bygge avskjerande grøfter for å sikre mot flaum i lågareliggande strok. Skisse for dette prosjektet ligg ved. Dei aktuelle elvene å gjere tiltak i er Gjølrelva, Orgylelva og Heltneelva.

9.2.2 Overvaking av utvalde vassførekomstar

Ein har særst liten kunnskap om vasskvaliteten på vassdraga i kommunen. Det vil difor vere av stor verdi å undersøke dette nærmare med målingar av utvalde parametrar. Med dette som grunnlag kan ein vurdere den faktiske nytta av tiltaka som gjeld opprydding av avløp, spesielt i område der utsleppa er små og utslepp frå landbruk og anna næringsverksemd gjerne er meir dominerande enn frå avløp frå spreitt busetting.

10 Gebyrutvikling

Vatn og avløp kan finansierast etter prinsippet med sjølvkost, som inneber at utgifter kommunen har til vatn- og avløpstenester skal finansierast av brukarane ved hjelp av innkreving av gebyr. Ein ynskjer at gebyrutviklinga skal vere forutsigbar og utan for store auingar. Ein jamnar difor ut gebyrutviklinga over fem år basert på forventa kostnader. I tal frå KOSTRA kjem det fram at sjølvkostgraden til Volda kommune både for vatn og avløp var på 100 % i 2015. Dette tyder at inntektene og utgiftene i høve vatn og avløp har vore like i Volda kommune. Inntektene frå abonnentar frå vatn og avløp utgjorde i 2017 i gjennomsnitt 5105 kr/abonment. Då rekna med ein bustad på 200m².

Prisar for vatn- og avløpstenester i 2017 er presentert i Tabell 8.

	Vatn		Avløp	
	Abonnementsgebyr [kr/år]	Einingspris [kr/m ³]	Abonnementsgebyr [kr/år]	Einingspris [kr/m ³]
Hytte/fritidsbustad	752,00	10,75	387,50	6,50
Bustad	1317,50	10,75	682,50	6,50
Næringseigedom	1883,00	10,75	1157,00	6,50

Tabell 8: Gebyr for 2017 eks. mva.

For dei komande åra vil det vere naturleg å auke gebyra for både vatn og avløp i større grad enn det som er gjort dei føregåande åra. Dette for å møte den auka aktiviteten innan fagfelta. For å gjere dette på ein god måte, bør det nyttast eit verkty for sjølvkost og gebyrutvikling, mellom anna Momentum, der ein legg inn forventa framtidige kostnader og får ut gebyrutvikling basert på det.


I høve samanliknbare kommunar og i høve landsoversikta ligg gebyrnivået i Volda lågt. Dette tilseier at gebyr for vatn og avløp bør kunne aukast vesentleg når driftskostnadane og finansutgiftene aukar.

Men det er viktig at ein tar omsyn til at Volda kommune har 10 kommunale vassverk over eit stort geografisk området. Kommunar ein gjerne samanliknar seg med som Ørsta har til dømes berre 3 kommunale vassverk. Ein rein samanlikning av gebyrnivå blir derfor ikkje reelt utan å inn øver seg at kostnadane med å drifte VA tenester i Volda kommune vil være og bør være høgare enn i andre kommunar med få vassverk og avløpsstasjonar.

Gebyrutvikling for ein bustad på 200m² ved gjennomføring av investeringsprosjekt i samsvar med handlingsplan for vatn og avløp. NB! Tala er omtrentlige og vil kunne avvike noko frå faktisk gebyr, då utregninga ikkje har skilt på talet på nærings-, bustad- og fritidsabonnentar.

År	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Vatn	Kr 2 173	Kr 2 488	Kr 2 938	Kr 3 312	Kr 3 877	Kr 4 780	Kr 5 539	Kr 6 674
Avløp	Kr 1 437	Kr 1 714	Kr 2 022	Kr 2 264	Kr 2 709	Kr 3 204	Kr 3 906	Kr 4 695

Tabell 9 Gebyrutvikling for Volda kommune eks. mva.



Figur 8 Gebyrutvikling Volda

Landsgjennomsnittet i 2017 for vatn og avløpsgebyr var høvesvis 3320 kr for vatn og 4318 kr for avløp, inkl. mva.

11 Vedlegg

Tabell: Oversikt vassførekomstar

Planprogram

Flaumsikring Melshornssida

Hornindal kommune – ledningsanlegg

Opplysningar om VA-anlegg i Hornindal

H001 Oversiktsteikning heile kommunen

H010 Volda sentrum

H011 Mork og Furene

H012 Berknes og Lid

H013 Dravlaus

H014 Lauvstad

H015 Steinsvik

H016 Fyrde

Vassførekomst	Økologisk tilstand	Miljømål 2027	Vurderingar og påverknad frå avløp
Volda sentrum			
Generelt	Volda sentrum har hovudavrenning mot fjord. Noko går mot Rotevatnet og tre-fire bekkar i eller nær tettbygde strok.		
Rotevatnet (094-194-L)	Dårleg Berre basert på tilstand til anadrom fisk, ingen målte data og generell analyse av påverknad med låg pålitelegheit.	God	Innsjøen ligg nedstraums areal med tett busetting, spreitt busetting og jordbruk. Ein kan forvente noko påverknad frå avløp, men jordbruk er truleg ei større kjelde til påverknad. I Vann-nett er det foreslått problemkartlegging.
Storelva i Volda, Øyraelva (094-25-R)	Dårleg Berre basert på tilstand til anadrom fisk.	God	Elva ligg nedstraums areal med tett busetting og noko spreitt jordbruk. Det kan forventast noko påverknad frå avløp gjennom til dømes overløp frå spillvassnettet. I Vann-nett er det foreslått problemkartlegging.
Elvene gjennom Volda sentrum (094-24-R)	God Berre basert på ingen målte data og generell analyse av påverknad med låg pålitelegheit.	God	Nedre del av Heltneelva og dei to elvene lenger vest renn gjennom tettbygd strøk og Volda sentrum. Det er usikkert om vasskvaliteten kan være målbart påverka av avløp. Det ikkje foreslått tiltak i Vann-nett.
Rotevasselva (094-35-R)	God Berre basert på ingen målte data og generell analyse av påverknad med låg pålitelegheit.	God	Nedre del av elva renn nær tettbygd strok, noko spreitt busetting og noko landbruk. Det er usikkert om vasskvaliteten kan være målbart påverka av avløp. Det ikkje foreslått tiltak i Vann-nett.
Lauvstad			
Ulvestadelva (094-1-R)	God Berre basert på ingen målte data og generell analyse av påverknad med låg pålitelegheit.	God	Nedre del av elva renn nær noko spreitt busetting og noko landbruk. Det er usikkert om vasskvaliteten kan være målbart påverka av avløp. Det ikkje foreslått tiltak i Vann-nett.
Diverse elver (094-60-R)	God Berre basert på ingen målte data og generell analyse av påverknad med låg pålitelegheit.	God	Ein bekk nord for Ulvestadelva renn òg nær noko spreitt busetting og landbruk. Det er lite truleg at vasskvaliteten er påverka av avløp, men kanskje noko frå landbruk. Det er ikkje foreslått tiltak i Vann-nett.
Voldsfjorden (0301010700-3-C)	God Berre basert på ingen målte data og lokal kunnskap med låg pålitelegheit.	God	Vassførekomsten blir tilført avløp frå fleire stader. I Vann-nett er det foreslått å utbetre separate avløpsanlegg.
Dravlaus			

Generelt	Det er fleire bekkar som renn ned gjennom bygda. To av desse er eigne vassførekomstar.		
Dravlauselva (094-55-R)	God Berre basert på ingen målte data og generell analyse av påverknad med låg pålitelegheit.	God	Vassførekomsten er antakeleg lite påverka av avløp, men dei heilt nedre delane kan være påverka av industri/fiskeoppdrett. Vidare er elva påverka av kraftverk, vassinntak til drikkevatt og Marin Harvest sitt anlegg lengre opp. Det ikkje foreslått tiltak i Vann-nett.
Syrevadselva (094-59-R)	God Berre basert på ingen målte data og generell analyse av påverknad med låg pålitelegheit.	God	Nedre del av elva renn nær noko spreitt busetting og noko landbruk. Det ikkje foreslått tiltak i Vann-nett.
Dalsfjorden ytre (0301010800-1-C)	God Berre basert på ingen målte data og lokal kunnskap med låg pålitelegheit.	God	Det er beskrive noko avløp frå nokre mindre avløpsanlegg. Miljøtilstanden er likevel vurdert som god basert på ei analyse av påverknader og ikkje reelle målingar av data. Det ikkje foreslått tiltak i Vann-nett.
Steinsvika			
Generelt	Vassbakknelva og Tungeelva renn saman ut i fjorden. Det er ein liten bekk aust i området som kan være påverka av avløp, men dette inngår i et større bekkefelt saman med fleire andre bekkar.		
Vassbakknelva (094-48-R)	Moderat Berre basert på ingen målte data og generell analyse av påverknad med låg pålitelegheit.	God	Nedre del av elva renn gjennom noko spreitt busetting og noko landbruk. Det er vassuttak til fiskeoppdrett og flomverk som ser ut til å gje moderat tilstand. Det er sannsynleg at vasskvaliteten kan være målbart påverka av avløp. Det er foreslått problemkartlegging i Vann-nett.
Tungeelva (094-42-R)	Moderat Berre basert på ingen målte data og generell analyse av påverknad med låg pålitelegheit.	God	Nedre del av elva renn gjennom noko spreitt busetting og noko landbruk. Det er vassuttak til fiskeoppdrett og flomverk som ser ut til å gje moderat tilstand. Det er sannsynleg at vasskvaliteten kan være målbart påverka av avløp. Det er foreslått problemkartlegging i Vann-nett.
Dalsfjorden indre (0301010800-2-C)	God Basert på ingen målingar, men analyse av påverknader. Låg pålitelegheit.	God	Det er beskrive ein rekke utslepp frå avløp, anten reinsa eller ikkje reinsa. Miljøtilstanden er likevel vurdert som god basert på ei analyse av påverknader og ikkje reelle målingar av data. Det er ikkje foreslått tiltak i Vann-nett.
Folkestad			
Generelt	Det renn 2-3 bekkar ned i Folkestad, men berre Folkestadelva er ført opp som eigen vassførekomst.		

Folkestadelva (094-39-R)	Moderat Berre basert på ingen målte data og generell analyse av påverknad med låg pålitelegheit.	God	Hovudpåverknaden er regulering til vasskraft. Det er foreslått problemkartlegging i Vann-nett.
Voldsfjorden ved Volda (0301010700-6-C)	God Basert på ingen målingar og lokal kunnskap. Låg pålitelegheit.	God	Vassførekomsten er påverka av avløp frå spreitt busetting og avløpsanlegg. Det har ikkje ført til registrering av miljøproblem. Det er foreslått tiltak for å redusere påverknad frå avløpsanlegg i Vann-nett.
Søre og Nøre Bjørkedalen			
Generelt	Det går nokre bekkar inn i Bjørkedalsvatnet gjennom dei to bygdene, men vatnet må sjåast som hovudresipienten.		
Bjørkedalsvatnet (094-1934-L)	God Basert på ingen målingar. Låg pålitelegheit.	God	Innsjøen er påverka av avløpsanlegg, men det er ikkje informasjon om utfordringar med vasskvaliteten i vatnet. Det er ikkje foreslått tiltak i Vann-nett.
Straumshamn			
Generelt	Det er få bekkar her, men hus i område kan påverke Kilspollen og Botnavika (Voldsfjorden)		
Kilspollen (0301010700-2-C)	God Basert på ingen målingar. Låg pålitelegheit.	God	Fjorden er ein grunn terskelfjord. Vassførekomsten er påverka av avløp frå spreitt busetting og landbruk samt veg/transport. Effekten av påverknaden er ukjend og det er foreslått problemkartlegging i Vann-nett.
Voldsfjorden (0301010700-5-C)	God Basert på ingen målingar, og lokal kunnskap. Låg pålitelegheit.	God	Vassførekomsten er påverka av avløp frå spreitt busetting, men det har ikkje ført til registrering av miljøproblem. Det er foreslått tiltak mot avløp frå spreitt busetting.
Høydalen			
Generelt	Ei hovudelv gjennom dalen.		
Øygardselva med sideelv (Høydalen) (094-102-R)	God Basert på ingen målingar. Låg pålitelegheit.	God	Elva har eit ganske stor nedbørfelt. Sjølv om det er noko landbruk og spreitt busetting i nedre deler er påverknaden antakelege liten. Det er ikkje foreslått tiltak i Vann-nett.
Austefjorden ytre (0301010903-C)	God Basert på ingen målingar. Låg pålitelegheit.	God	Det er ikkje registrert vesentlige påverknader som gir miljøproblem i denne vassførekomsten. Det er ikkje foreslått tiltak i Vann-nett.
Fyrde			
Generelt	I Fyrde/Austefjord renn det to elver ut i fjorden, men det er Fyrdeelva og vassdraget og innsjøane ovanfor som kan være noko påverka av avløp, jordbruk og avrenning frå transport (E39).		

Fyrdselva, nedre lakseførande del (092-28-R)	Dårleg Berre basert på ingen målte data og generell analyse av påverknad med låg pålitelegheit.	God	Tilstanden er sett som dårleg som følge av tilstand for laks. Det er ikkje registreringar av dårleg vasskvalitet. Foreslåtte tiltak er knyt til vasskraft og avrenning frå E39. Avløp er antakelege ikkje ein vesentleg påverknad.
Storevatnet (094-1937-L)	Dårleg Berre basert på tilstanden til anadrom fisk med låg pålitelegheit. Elles ingen målte data på vasskvalitet.	God	Det er antatt påverknad frå avløp, men òg påverknad av rømt oppdrettsfisk og seinking på 2,8 meter for å vinne inn jordbruksareal.
Bulingen (094-67830-L)	Ikkje definert Låg pålitelegheit. Satt som ikkje definert då det er usemje om påverknad og risiko. Tilstand for fisk er sett som dårleg.	God	Det er antatt påverknad frå avløp, men ikkje foreslått tiltak. Eventuelle tiltak må sjåast i samanheng med dei andre innsjøane i vassdraget.
Eidsvatnet (094-67831-L)	Same som Bulingen (sjå over)	God	Det er antatt påverknad frå avløp frå spreitt busetting. Det er foreslått eit tiltak med å risikovurdere avrenning frå veg og tunnel sjølv om det ikkje er ført opp som påverknad, men dette er truleg gjort i høve bygging av Kvivsvegen.
Kalvatn (094-1938-L)	Moderat Basert på ingen målte data og generell analyse av påverknad med låg pålitelegheit.	God	Avløp frå RA mindre enn 2000 PE er vurdert å påverke i liten grad. Det same gjeld avløp frå hytter. Avrenning frå fulldyrka mark er vurdert til middels påverknad. Påverknaden frå vanskevatn frå tunnelar er av ukjend grad. Det ligg ei leidning i vatnet som i framtida kan nyttast til pumping av kloakk. Av tiltak er det foreslått å gjere ei risikovurdering for utslepp frå veg og tunnel.
Hølen-indre (0301010901-2-C)	God Basert på ingen målingar. Låg pålitelegheit.	God	Det er ikkje registrert vesentlege påverknader frå avløp og heller ingen tiltak mot slik påverknad.
Mork/Furene			
Generelt	Her er det industri, jordbruk og busetting som kan påverke vasskvaliteten i Sagelva.		
Sagelva (094-23-R)	God Berre basert på ingen målte data og generell analyse av påverknad med låg pålitelegheit.	God	Utslepp frå industri og landbruk er registrert som mogleg påverknad. Det er ikkje kjend om det er påverknad frå avløp. Det er ikkje foreslått til tak i Vann-nett
Voldsfjorden (0301010700-3-C)	God Berre basert på ingen målte data og lokal kunnskap med låg pålitelegheit.	God	Vassførekomsten tek imot avløp frå fleire stader. I Vann-nett er det foreslått å utbetre separate avløpsanlegg.
Berkenes/Lid			

Generelt	I område er det mange små lokale bekkar som ikkje kjem fram som egne vassførekomstar i Vann-nett. Fjorden må sjåast som viktigaste resipient. To mindre bekkar ned i Berkvika er ein del av eit større bekkfelt og omtalast ikkje spesielt her.		
Voldsfjorden (0301010700-3-C)	God Berre basert på ingen målte data og lokal kunnskap med låg pålitelegheit.	God	Vassførekomsten tek imot avløp frå fleire stader. I Vann-nett er det foreslått å utbetre separate avløpsanlegg.

Tabell 10: Samandrag av utvald informasjon frå Vann-nett om vassførekomstar som ligg nær bygder og Volda sentrum. Kjelde: <http://vann-nett.no/saksbehandler/>.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	30.11.2017	144195/2017/KOMMUNEPLAN/1519	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	23.01.2018

Volda kommune - kommunedelplan - hovudplan vatn- og avløp - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Miljø og klima

Vassforvaltning

Fylkeskommunen stiller seg veldig positivt til at hovudplanen for vatn og avløp inneheld ein del om vassmiljø der vassforskinga og at dei regionale forvaltningsplanane er nemnt. På den måten blir omsyn til vassmiljø innlema i planarbeidet, og ein legg til rette for å unngå utilsikta konsekvensar. Det er viktig at kommunens som planmynde ikkje opnar opp for planar som kjem i konflikt med dei miljømåla som fastsatt i regional vassforvaltningsplan.

Automatisk freda kulturminne

Vi fekk ved ein glipp ikkje lasta ned aktuelle dokument, mens saka låg ute til offentleg ettersyn offentleg ettersyn. Vi har derfor ikkje gitt konkrete tilbakemeldingar om eventuelle konflikhtar med kjente automatisk freda kulturminne eller område med potensiale for funn av automatisk freda kulturminne.

Vi har i etterkant funne fram kunngjering og dokument på kommunens nettside <https://www.volda.kommune.no/sjolvbetening/hoyring-hovudplan-vatn-og-avlop-med-del-om-vassmiljo.35862.aspx> Dersom kommunen ønskjer å få ei overordna avklaring av forholdet til automatisk freda kulturminne ber vi om ein snarleg tilbakemelding, alternativt må forholdet bli avklara i forkant av kvart enkelt tiltak.

Kulturminne frå nyare tid

Vatn og avløp er ikkje så ofte i fokus i forhold til nyare tids kulturminne, men etter å ha vore med Volda kommune på synfaring av nokre elver i samband med flaumsikring, har vi blitt meir klar over vatnet si viktige rolle i utvikling av stadane, til dømes som grunnlag for val av plass å slå seg ned, bruk av vatn i hus og dyrehald, som energi til landbruk, industri og til lys og varme.

I samband med tiltak i og ved elvar er det viktig at ein og vurdere om tiltaka medfører inngrep i verdifulle kulturminne. Gamle murar og liknande er svært sjeldan registrert som kulturminne med offisiell verneverdi.

Volda kommune har og «Kommunedelplan for kulturminne» ute på høyring og ein god del av kulturminna som er nemnt ligg nær elvar og vatn. Volda kommune også ein heilt ny plan over «verdifulle bygningsmiljø og estetisk rettleiar i Volda sentrum». I dei

utvalte områda kan ein i samband med graving kome i konflikt med gjerder, trapper, murar, eller andre installasjonar, kulturminne som kan vere av verdi for miljøet.

Vi har ikkje tilstrekkeleg oversikt over alle nyare tids kulturminne i kommunen, til å gi konkrete innspel, men vi rår til at det i «hovudplanen for vatn og avløp» blir innarbeida eit punkt som kan sikre at eventuelle nyare tids kulturminne kan bli ivareteke, til dømes at «fylkeskommunen skal bli kontakta for nærare avklaring dersom eventuelle tiltak kjem i konflikt med noko som kan vere nyare tids kulturminne».

KONKLUSJON

Vi fekk ved ein glipp ikkje lasta ned aktuelle dokument, mens saka låg ute til offentleg ettersyn offentleg ettersyn. Vi ber derfor om tilbakemelding om kommunen ønskjer å få ei overordna avklaring i forhold til automatisk freda kulturminne, alternativt må forholdet bli avklara i forkant av kvart enkelt tiltak.

Vi viser elles til saksutgreiinga ovanfor og ber om at våre råd vert vurdert innarbeida gjennom det vidare arbeidet med kulturminneplanen.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar

Miljø og klima: Rådgivar vassforvaltning Pernille Eriksdatter Giske, tlf. 71 28 02 59

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Arve Nytun, tlf. 71 28 03 25

Kulturminne frå nyare tid: Rådgivar Toril Moltubakk, tlf. 71 28 03 37

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



**FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL**

Saksbehandlar, innvalstelefon

Senioringeniør Gunnhild Liva Austvoll, 71 25 85 12

Vår dato

19.01.2018

Dykkar dato


30.11.2017

Vår ref.

2016/7235/GUAU/421.3

Dykkar ref.

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 17/1995	Avd: KTA
Løpnr:	Shs: Dugdal
23 JAN 2018	
Arkivd: Fine d	
Klassering I:	
Klassering S:	

Volda kommune - hovudplan vatn og avløp - offentlig ettersyn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har motteke hovudplan for vatn og avløp 2017-2027 i Volda kommune til høyring og offentlig ettersyn.

Vi har fyljande merknadar til plana:

Når det gjeld vatn vil vi gjer merksam på at utslepp av prosessvatn frå vassverk er søknadspliktig.

Når det gjeld avløp vil vi gjer merksam på at kommunen er underlagt forureiningsforskrifta og er sjølv forureiningsmynde. Det vil sei at for bustader og tettstader som er under 50 pe skal krava i kapittel 12 fyljast. Det er ikkje gitt opning i forskrifta om at desse krava ikkje skal vere innfridde før 2020 jf. punkt 7.2.5 i hovudplanen. I fylje § 12-2 er kommunen forureiningsmynde og skal føre tilsyn med avgjersle og vedtak fatta i medhald av kap. 12.

Når det gjeld anlegg som er større enn 50 pe er desse omhandla av kapitel 13. Kommunen er her også mynde og skal gje løyve til anlegg som er omfatta av dette kapittelet. Kommunen skal også her føre tilsyn med avgjersle og vedtak fatta i medhald av kap. 13.

Er eit område større enn 10 000 pe til sjø eller 2000 pe til ferskvatn skal dette meldast til fylkesmannen, som då vert forureiningsmynde.

Ut frå det som er omhandla i hovudplanen ser vi at kommunen ikkje overheld krav i forureiningsforskrifta. Hovudplanen bør innehalde ei prioritert liste over tiltak for å kunne overhalde dei lovpålagte krava.

I vår tilbakemelding på oppstartsvarselet rådde vi til at det i samband med hovudplanen blei gjennomført ei ROS-analyse. Vi kan ikkje så ut frå plandokumenta sjå at denne er gjennomført. Ei ROS-analyse vil kunne hjelpe kommunen å prioritere tiltak.

Når det gjeld overvatn er det sett i gong eit prosjekt på dette, fylkesmannen tilrår at planen blir oppdatert når dette prosjektet er ferdig. Vi ber og om å få tilsendt resultatata av prosjektet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
Fagsjef-plansamordning

Gunnhild Liva Austvoll

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Kystverket Midt-Norge	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091, Majorstua	0301	OSLO
Mattilsynet	Postboks 383	2381	Brumunddal

VOLDA KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJON
Stormyra 2
6100 VOLDA

Dykkar ref:
Vår ref: 2018/013349
Dato: 17. januar 2018
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



UTTALE TIL HOVUDPLAN VATN OG AVLØP VOLDA KOMMUNE 2017-2027

Dykkar referanse: Sak PS 176/17 - arkivsaksnr 2017/1995

Mattilsynet har mottatt melding om høyring av hovudplan vatn og avløp for vassverka Volda kommune 2017-2027 med del om vassmiljø. Saka er vedlagt vedtak gjort av Volda formannskap om høyring og offentleg ettersyn. Frist til å gi uttale er av avsendar sett til 19.01.2018.

Vi ønskjer med dette å gi ein uttale ut frå vår rolle som statleg sektormynde på drikkevatt. Vi baserer våre faglege vurderingar i hovudsak på drikkevassforskrifta sine krav i tillegg til Mattilsynet sin rettleiar.

Generelt til hovudplanen

Planforslaget framstår som eit oversiktleg dokument som gir ei god oversikt over status og prioriterte tiltak. Det reflekterer godt både status og dei fleste utfordringane, sett frå Mattilsynet sin ståstad. Dette er alle tiltak som Mattilsynet har tatt opp med vassverket ved tilsyn dei siste åra.

Mattilsynet vil påpeike plikta til å sikre vassforsyningsanlegg slik at tilbakestrømming eller inntrenging av ureine væsker, stoff eller gassar ikkje kan finne stad. I forskrift om vassforsyning og drikkevatt § 4 heiter det at det er «forbudt å forurense vannforsyningssystem og internt fordelingsnett dersom dette kan medføre fare for forurensning av drikkevannet». Dette er også omtalt i forskrift om krav til byggverk og produkter (§§ 15-6 og 15-9), heimla i Plan- og bygningsloven. Mattilsynet vil derfor påpeike kor viktig det er at dette blir gjort kjent for utbyggjarar og andre tiltakshavarar, og at det vert stilt krav til nyetableringar om eigna tilbakestrømningsutstyr. Kjende, ubrukne grunnvassressursar der uttak av drikkevatt kan verte aktuelt i framtida, bør ein vurdere å verne mot forureining. Slike ressursar kan vere svært viktige å ha i reserve om eksisterande vassforsyning skulle bli sett ut av drift, f.eks. som ei følgje varsla klimaendringar.

Mattilsynet er positiv til dei viktigaste foreslåtte tiltaka og prioritering av desse:

- Vassforsyninga i Volda kommune skal ivareta gjeldande krav til leveringssikkerheit og vasskvalitet.
- Det skal sikrast tilfredsstillande naudvassforsyning for alle kommunale vassverk.
- Utskifting av 3 % eller ca. 2 km vassledning i året som reduserer lekkasjar.
- Styrke samarbeidet med nabokommunar.
- Tilstrekkeleg brannvatn.

Mattilsynet
Region Midt

Saksbehandlar: Marianne Løseth Høydalsvik
Tlf: 22 40 00 00 / 22778612
E-post: postmottak@mattilsynet.no
(Hugs namnet på mottakaren)

www.mattilsynet.no

Postadresse:
Felles postmottak, Postboks 383
2381 Brumunddal
Telefaks: 23 21 68 01

- Forsterke og sikre beredskap knytt mot uvanlege og kritiske hendingar

Tiltaka er godt utdjupa, og vi kommenterer ikkje dette vidare i denne uttalen.

Nytt regelverk

Ny drikkevassforskrift trådde i kraft 1. januar 2017. Her vert dei fleste krav som er godt kjent frå forrige versjon av forskrifta vidareført. Men enkelte formalitetar er endra. Fleire viktige krav er også presentert langt tydelegare i den nye forskrifta.

Vi meiner derfor at følgjande endringar er vesentlege i arbeidet med kommunale planar:

- Farekartlegging og farehandtering er eit gjennomgåande prinsipp.
- Tydeleg krav til drift og vedlikehald av leidningsnettet.
- Tydeleg krav til sikring mot uautorisert tilgang og bruk, inkludert dataangrep.
- Formelt krav til søknad om godkjenning er fjerna.
- Tydeleg krav til eigen eller ekstern kompetanse.
- Tydeleg krav til beredskapsplanar og øvingar.
- Tydeleg plikt overfor kommunar og fylkeskommunar til å ta omsyn til drikkevatt i alle planar.

I tillegg er det no krav om at alle vassforsyningssystem med minst 2 abonnentar/husstandar skal registrerast hos Mattilsynet innan 1. juli 2018. Bakgrunnen er mellom anna kommunane sine behov for å ha oversikt over alle vassforsyningssystem når planar skal utarbeidast. Eit forenkla registreringsskjema er under utarbeiding. Det vil gå ut informasjon frå Mattilsynet når dette er klart til bruk.

Nasjonale mål for vatn og helse legg viktige føringar

Mattilsynet viser også til «Nasjonale mål for vann og helse» som blei vedteke av Regjeringa den 22. mai 2014. Dei nasjonale måla dekkjer eit breitt spekter av problemstillingar, og omfattar også drikkevatt og avløpsvatt knytt til nyetableringar. Ansvar for å følgje opp dei nasjonale måla ligg på fleire departement og underliggjande etatar, samt på den kommunale forvaltninga. Det er derfor viktig at disse vert implementert i det vidare planarbeidet.

Eksisterande offentlege og private drikkevasskjelder med tilhøyrande nedbørsfelt og vassleidningsnett må i størst mogleg grad vernast mot forureining for å unngå forverring av vasskvaliteten. Det same gjeld for reservevasskjelder og eventuelle framtidige drikkevasskjelder.

De har gode planar for utskifting og drift av leidningsnettet

Det synast som om de har bra oversikt over dei ulike delane av leidningsnettet. Samtidig er det framlagt planar på forbetringar av drift og vedlikehald. Det ligg føre planar for kontinuerleg utbetringar for å redusere lekkasjane. Vi konstaterer også at det er sett opp ein plan for årleg utskifting av 3% av leidningsnettet kvart år - dette utgjer omlag 2000 meter leidning årleg. Dette er i litt overkant av myndigheitskravet som er 2,0%.

Leidningsnettet i Volda sentrum består av om lag 68 km vassleidning, der om lag halvparten er lagt i PVC. Spesielt leidningsstrek med støypejern har vore kjelde til lekkasjar på leidningsnettet, men òg store delar av det resterande leidningsnettet byrjar å bli gammalt og modent for utskifting. Leidningsbrot førekjem hyppig. Dette er ressurskrevjande og lite forutsigbart. Ein har òg opplevd at heile høgdebasseng er blitt tømt i tilfelle med leidningsbrot, då ingen av høgdebassenga har ventilar som stenger seg når vassstraumen blir for stor ut. Dette fører til at ein raskt kan stå utan vatn ved brot

på leidningar, og at ein ikkje har den reservekapasiteten som ein mellom anna bygger høgdebasseng for å skaffe.

Mattilsynet prioriterer tilsyn knytt til leveringssikkerheit

Det er vedteke at Mattilsynet skal ha fokus på leveringssikkerheit og verkemiddelbruk i 2017 og seinare år, slik at vi på den måten får framheva vassverka si plikt til å kunne levere tilstrekkeleg mengde drikkevatt til ei kvar tid. I dette ligg det mellom anna etablering av reservevassforsyning, etablering og drift av føremålstenleg høgdebasseng i tillegg til ein tilstrekkeleg god plan for drift og vedlikehald av distribusjonsnett. I tillegg vert det stilt krav til beredskap for levering av naudvatt under kriser når levering gjennom distribusjonsnett er umogleg.

Konklusjon

Utover ovanfor nemnde kommentarar har ikkje Mattilsynet nokon merknader til forslaget til houdplan vatt og avløp for Volda kommune 2017-2027.

Med helsing

Lennart Floyd Berge
seksjonssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Vedlegg:

Dette betyr at du kan kreve å få vite kva for regelverk som gjeld, kvar du finn regelverket og korleis ein skal forstå regelverket. Mattilsynet kan ikkje gje konkrete råd om korleis du skal oppfylle regelverket. Plikt til å rettleie følger av forvaltningslova § 11.

Vi har vurdert saka etter dette regelverket

- Lov 19. des. 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv (matloven)
- FOR 2016-12-22 nr 1868: Forskrift 22. des. 2016 nr. 1868 om vannforsyning og drikkevann (drikkevannsforskriften)



KYSTVERKET

Midt-Norge

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2016/6328-6

Arkiv nr.:

Sakshandsamar:
Børre Tennfjord

Dato:

11.01.2018

Fråsegn til høyring av ny Hovudplan for vatn og avløp i Volda kommune - Møre og Romsdal fylke.

Kystverket har motteke Hovudplan for vatn og avlaup 2017-2027 i Volda kommune til høyring og offentlig ettersyn.

Varselet er vedteke av Volda formannskap i møte den 30.10.17 under sak PS 176/17 og vedteke framlagt i samsvar med plan- og bygningslova sin §11-14 fram til 19.januar 2018.

Sagt om planen

Hovudplan for vatn og avløp skal vere eit styrande dokument for aktivitet innan vatn og avløp i planperioden. I det høvet blir eksisterande situasjon undersøkt og gjennomgått, mål for VA-sektoren blir formulert og tiltak og handlingsplan blir sett opp for å nå dei måla ein har sett.

Planen skal inngå som delplan for kommuneplanen sin arealdel og legge til rette for gjennomføring av denne med planar for utbygging og utbetring av VA-anlegg.

Kort om Kystverket sitt ansvar

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning og sjøverts samferdsle. Kystverket skal i sitt arbeide ivareta nasjonale interesser og føringar.

Kystverket arbeidar for å sikre god framkome, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet, samt effektiv og sikker sjøtransport og hamneverksemd.

Kystverket har ansvaret for staten sin beredskap mot akutt forureining og hamnesikring i norske hamner med internasjonal trafikk (ISPS).

Våre innspel og kommentarar

Kystverket er først og fremst oppteken av føresetnadar for god planlegging av sjøareala og dei sjønæraste landområda. Våre kommentarar til den komande planhøyringa vil difor vere innretta mot slike prioriteringar og liknande samanhengar.

Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse: Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Målet med framlegginga av planen er at ein ønskjer å synleggjere viktige og kritiske element i kommunen sitt eksisterande og planlagde VA-nett. På denne måten ønskjer ein å målsette tiltak og etablere gode handlingsplanar for utbygging og utbetring av nett og installasjonar.

Kystverket vil peike på kommunen sine strategiske avgjersler i høve det å etablere målsetningar for VA-sektoren. Vi er einig i prinsippa om å samle utslepp og byggje reinseanlegg i tettstadar og på bygdene. Dette vil på ein betre måte sikre vass- og miljøkvaliteten, samt redusere utsleppspunkta i kommunen sitt sjøområde. Påverknaden i område med låssettingsplassar for fiske, oppdrettsanlegg og andre typar havbruksanlegg vil kunne sikrast betre mot forureining.

Vi meiner også at tiltaka for å sikre stabil vassforsyning er naudsynt i ein beredskapssituasjon. Tiltaka som er nemnt i hovudplanen er i så måte første steg i ein slik sikring.

Kystverket har generelt sett få kommentarar og ingen merknadar til framlagt Hovudplan for vatn og avlaup med vassmiljø for Volda kommune.

Med helsing

Harald Tronstad
regiondirektør

Børre Tennfjord
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakarar:			
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Fiskeridirektoratet Region Midt	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - Region Midt-Norge	Postboks 5091, Majorstuen	0301	OSLO
Statens vegvesen Region midt	Fylkeshuset	6404	MOLDE

Vedlegg:



KYSTVERKET

Midt-Norge

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2016/6328-6

Arkiv nr.:

Sakshandsamar:
Børre Tennfjord

Dato:

11.01.2018

Fråsegn til høyring av ny Hovudplan for vatn og avløp i Volda kommune - Møre og Romsdal fylke.

Kystverket har motteke Hovudplan for vatn og avlaup 2017-2027 i Volda kommune til høyring og offentlig ettersyn.

Varselet er vedteke av Volda formannskap i møte den 30.10.17 under sak PS 176/17 og vedteke framlagt i samsvar med plan- og bygningslova sin §11-14 fram til 19.januar 2018.

Sagt om planen

Hovudplan for vatn og avløp skal vere eit styrande dokument for aktivitet innan vatn og avløp i planperioden. I det høvet blir eksisterande situasjon undersøkt og gjennomgått, mål for VA-sektoren blir formulert og tiltak og handlingsplan blir sett opp for å nå dei måla ein har sett.

Planen skal inngå som delplan for kommuneplanen sin arealdel og legge til rette for gjennomføring av denne med planar for utbygging og utbetring av VA-anlegg.

Kort om Kystverket sitt ansvar

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning og sjøverts samferdsle. Kystverket skal i sitt arbeide ivareta nasjonale interesser og føringar.

Kystverket arbeidar for å sikre god framkome, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet, samt effektiv og sikker sjøtransport og hamneverksemd.

Kystverket har ansvaret for staten sin beredskap mot akutt forureining og hamnesikring i norske hamner med internasjonal trafikk (ISPS).

Våre innspel og kommentarar

Kystverket er først og fremst oppteken av føresetnadar for god planlegging av sjøareala og dei sjønæraste landområda. Våre kommentarar til den komande planhøyringa vil difor vere innretta mot slike prioriteringar og liknande samanhengar.

Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse: Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Målet med framlegginga av planen er at ein ønskjer å synleggjere viktige og kritiske element i kommunen sitt eksisterande og planlagde VA-nett. På denne måten ønskjer ein å målsette tiltak og etablere gode handlingsplanar for utbygging og utbetring av nett og installasjonar.

Kystverket vil peike på kommunen sine strategiske avgjersler i høve det å etablere målsetningar for VA-sektoren. Vi er einig i prinsippa om å samle utslepp og byggje reinseanlegg i tettstadar og på bygdene. Dette vil på ein betre måte sikre vass- og miljøkvaliteten, samt redusere utsleppspunkta i kommunen sitt sjøområde. Påverknaden i område med låssettingsplassar for fiske, oppdrettsanlegg og andre typar havbruksanlegg vil kunne sikrast betre mot forureining.

Vi meiner også at tiltaka for å sikre stabil vassforsyning er naudsynt i ein beredskapssituasjon. Tiltaka som er nemnt i hovudplanen er i så måte første steg i ein slik sikring.

Kystverket har generelt sett få kommentarar og ingen merknadar til framlagt Hovudplan for vatn og avlaup med vassmiljø for Volda kommune.

Med helsing

Harald Tronstad
regiondirektør

Børre Tennfjord
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakarar:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fiskeridirektoratet Region Midt
Norges vassdrags- og energidirektorat -
Region Midt-Norge
Statens vegvesen Region midt

Postboks 2520	6404	MOLDE
Fylkeshuset	6404	MOLDE
Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Postboks 5091, Majorstuen	0301	OSLO
Fylkeshuset	6404	MOLDE

Vedlegg:



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Vår dato: 09.01.2018
Vår ref.: 201606670-4
Arkiv: 323
Dykkar dato: 30.11.2017
Dykkar ref.: 2017/1995 Dag Dårflot

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

NVE fråsegn - offentlig ettersyn ny hovedplan for vann og avløp, Volda kommune

Viser til brev datert 30.11.2017. Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til hovudplan for vatn og avløp 2017-2027.

NVE har ingen merknader til planen. Dersom det skal etablerast nye vassuttak, og/eller vassuttak skal aukast utover tidlegare vurderte vassmengder må dette meldast til NVE for vurdering/handsaming etter vassressurslova. Det same gjeld eventuelle grunnvassuttak og andre inngrep i vassdrag.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Statens vegvesen



**Møre og Romsdal
fylkeskommune**

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Per Norvald Walderhaug /
90288380

Vår referanse:
16/192217-3

Dykkar referanse:
2017/1995
15487/2017

Vår dato:
03.01.2018

Hovudplan for vatn- og avløp – Volda kommune – Uttale

Viser til høringsbrev datert 30.11.2017 vedrørende ny hovudplan for vatn og avlaup.

Statens vegvesen har ikkje særlege merknader til ny hovudplan for vatn og avlaup.
Ved nye tiltak i fylkes- og riksveg må desse arbeida varslast / søkjast om på vanleg måte.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Per Norvald Walderhaug

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE


Telefon: 22 07 30 00
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Hovedplan VA - Volda kommune

Planprogram



J01	2016-11-29	For bruk	ToLRe	SiKSu	ToLRe
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

Innholdsfortegnelse

1	Innledning	3
1.1	Bakgrunn og formål	3
1.2	Planområdet	3
2	Rammebetingelser	4
2.1	Nasjonale føringer	4
2.2	Kommunale planer	4
3	Detaljering av planarbeidet	5
3.1	Vurderinger	5
3.2	Konsekvensutredning	5
3.3	Alternativer som vil bli vurdert	5
3.4	Innhold i Hovedplan for VA	5
4	Planprosess og medvirkning	6
4.1	Planprosess	6
4.2	Organisering	6
4.3	Fremdrift	6
4.4	Informasjon og medvirkning	6


1 Innledning

1.1 Bakgrunn og formål

På vegne av Volda kommune har Norconsult AS fått i oppdrag å utarbeide ny hovedplan for vann og avløp (VA) gjeldene for alle områder i kommunen med spesielt fokus på bebyggelse med tilknytning eller nærhet til kommunalt vann- og avløpsnett. Planen skal være en kommunedelplan for virksomheten VA, og være et overordnet, styrende dokument denne virksomheten i Volda kommune i perioden 2018-2028.

Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger.

1.2 Planområdet



Figur 1: Oversiktskart befolkning (kilde: SSB)

2 Rammebetingelser

2.1 Nasjonale føringer

- Forurensningsloven
- Vannressursloven
- Vannforskriften
- Drikkevannsforskriften
- Forskrift om kommunale vann- og avløpsgebyr
- Plan- og bygningsloven

2.2 Kommunale planer

Arealdelen til kommuneplan for Volda kommune 2016-2028 er under utarbeidelse, og det ønskes at arbeidet med Hovedplan for VA utarbeides parallelt for å sikre areal til teknisk infrastruktur i kommuneplanen.

Det eksisterer en godkjent fagplan «Hovedplan Avlaup Volda kommune 1996-2000». Det kan være aktuelt å videreføre noe av denne i kommende plan.

3 Detaljering av planarbeidet

Målet med planarbeidet er å avdekke kritiske elementer i Volda kommunes VA-nett, behov for utbedring og nyetablering i henhold til gjeldene kommuneplan og å sikre en overordnet plan som styringsverktøy for planens gyldighetsperiode.

3.1 Vurderinger

For å gjøre vurderinger om hvilke tiltak som er nødvendig skal følgende kartlegges:

- Tilstand på eksisterende ledningsnett for VA
- Kapasitetsvurderinger på eksisterende ledningsnett, herunder også kapasitet for brannslukking
- Planlagte utbyggingsområder
- Tilstand på eksisterende renseanlegg for forbruksvann
- Oversikt over private vassverk
- Tilstand på eksisterende renseanlegg for spillvann
- Overvanns- og flomhåndtering med spesielt fokus på tilknytning til ledningsnettet
- Eventuelt vil det også vurderes tilstand på vannmiljø i kommunens ferskvannsførekoster

3.2 Konsekvensutredning

Gjennom arbeidet med hovedplanen kan det komme fram tiltak som bør spilles inn til kommuneplanens arealdel, der konsekvensutredning kan være aktuelt. Det gjøres ikke konsekvensutredninger i forbindelse med utarbeidelse av Hovedplan for VA.

3.3 Alternativer som vil bli vurdert

Det vil for flere av forholdene som skal utredes være behov for å se på flere alternative løsninger. De underliggende punktene er eksempler på områder hvor det kan være aktuelt å vurdere alternative løsninger.

- Behov for utbedring og nye ledningsnett i forbindelse med at det legges til rette for nye utbyggingsområder
- Alternativer for hovedtraseer
- Behov for nye høydebassenger og trykkøkingsstasjoner for vann
- Lokalisering av eventuelt nye vassverk og reservevannkilder
- Muligheter for samlokalisering av renseanlegg for spillvann

3.4 Innhold i Hovedplan for VA

Arbeidet skal lede ut i ny Hovedplan for VA som i utgangspunktet har gyldighet for perioden 2018-2028, planen vil blant annet inneholde:

- Målsetninger
- Rammebetingelser
- Situasjons- og tilstandsbeskrivelse
- Organisering – administrasjon og drift
- Tiltaksvurderinger
- Oversiktstegninger med aktuelle tiltak
- Handlingsplan med kostnadsoverslag
- Gebyrutvikling

4 Planprosess og medvirkning

4.1 Planprosess

Forslag til planprogram legges ut til offentlig ettersyn i samarbeid med Volda kommune i 6 uker og fastsettes deretter av kommunestyret jamfør plan og bygningsloven § 11-13. Med utgangspunkt i det vedtatte planprogrammet utarbeides Hovedplan for VA for 2018-2028. Høring av denne planlegges i august 2017.

Hovedplan for VA behandles politisk på vanlig måte og parallelt med kommuneplanens arealdel.

4.2 Organisering

Volda kommune er tiltakshaver for planen. Det vil bli opprettet en intern styrings-/prosjektgruppe i kommunen der prosjektansvar er plassert hos teknisk sjef og kommunalteknisk avdeling.

Norconsult AS har fått oppdraget med å utarbeide komplett Hovedplan for VA. Konsulenten, representert ved siv. ing. Tormod Lausund Relling vil, i samarbeid med Volda kommune, utarbeide dokumentene i forbindelse med oppdraget.

4.3 Fremdrift

	2016		2017								2018							
	Nov	Des	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mar	Apr
Utllysning av planprogram																		
Høringsperiode planprogram																		
Vedtak av planprogram																		
Utarbeidelse av Hovedplan VA																		
Delplan Vassmiljø																		
Utsendelse til offentlig ettersyn																		
Høringsperiode Hovedplan VA																		
Vedtak ny Hovedplan VA																		
Kommuneplanen sin arealdel																		

4.4 Informasjon og medvirkning

Innsyn i planarbeidet sikres gjennom at planprogrammet (dette dokumentet) og ny hovedplan sendes ut til offentlig ettersyn. Det vil være muligheter for å gi innspill til prosessen og planarbeidet ved å ta skriftlig kontakt med teknisk etat i Volda kommune.

VEDLEGG TIL HOVUDPLANEN VA - Innspel og kommentarar til planprogrammet (planprogrammet er godkjent tidligare) :

Planprogrammet som er sendt til offentleg ettersyn gjev informasjon om formålet med planarbeidet, prosess og medverknad.

Programmet tar for seg det som vi meiner er viktig for sektoren sin utvikling innanfor infrastrukturen –vatn og avløp , samt påverknad vassmiljø. Dette også sett i samanheng med miljø / samfunn og service og kvalitetar for innbyggjarar. Planen avgrensar for heile kommunen og programmet visar ønskelege satsingsfelt og målsettingar innanfor dei tekniske felt VA og vassmiljø.

Planprogrammet byggjer vidare med Hovudplan VA for kommunen. Planprogrammet skal vise hovudprioriteringar av investeringar og dei områda som bør fornyast og oppgraderast for ei god utvikling på denne infrastrukturen i kommunen vår.

Planprogrammet er sendt til følgjande instansar og off. etatar :

-Ørsta kommune , Hornindal kommune

-Fylkesmannen i Møre og Romsdal

-Møre og Romsdal fylkeskommune

-Mattilsynet , Kystverket , Fiskeridirektoratet og NVE .

Alle har fått brev / melding om høyringar pr. e-post og sendt postmottaka.

Høyringar og kommentarar :

Frist for høyringar var : 20.01.17

Fiskeridirektoratet fekk frist til : 06.03.17 (p.g.a. ettersending ved ønskje)

Alle tilbakemeldingar / brev er i saka som uprenta vedlegg.

Ørsta -og Hornindal kommunar har ikkje svart på utsendinga pr. dato.

Frå Hornindal kommune har vi fått tilbakemelding på tekniske anlegg VA , i ettertid, etter førespurnad om det.

Kort vil eg oppsummere innkomne uttale med betydning for planprogrammet og hovudplanen, og gje kommentarar frå teknisk sektor. :

Fylkesmannen M&R : FM rår til at det i samband med hovudplanen VA blir gjennomført ei ROS- analyse , dette til hjelp i kommunen sin planlegging av tiltak og klimaeffektar.

Kommentarar : Vi har sikkerheitsanalyse (beredskapsplan) på to av dei største vassverka til kommunen.

Dette gjeld vassforsyninga til Volda sentrum/ Mork og vassforsyninga til Straumshamn. I denne planen som er ein rammeplan kan vi ikkje gjera noko meir omfattande analyser enn vurdering på reservevatn og sikkerheit/ kvalitet i desse forsyningane. Meir ROS-analyse vil bli ein del av den vidare driftsforvaltninga. Det kan bli vurdert ved fleire vassverk og vidare tiltak i kommunen innan områda VA /vassmiljø.

Møre og Romsdal fylkeskommune : Dei minner om at regional kulturmynde skal varslast i forkant av tiltak. Til dømes ved utskifting av gamle røyr og nedlegging av nye. Dette for å avklare om tiltak kjem i konflikt med eventuelle kulturminne. Dei skriv vidare ” dette kan med fordel kome fram av planen”.

Kommentarar : Vi tar sikte på å få innlagt mest mulig i kommuneplanen (areal-/tekstdel) på hensynsone for røyrtrasè, tomt for reinseanlegg og pumpestasjonar. Meir detaljert kjem først ved reguleringsplan / byggesøknad og oppstart av arbeid. Det blir då høve å kome med innspel og uttale.

Vi vil ta hensyn til registrerte fornminne og arkeologiske registreringar. Fylkeskommunen vil få kommuneplan og eventuell reguleringsplan for prosjekt til uttale.

Mattilsynet : Dei gjev uttale i forhold som omhandlar drikkevatt. Dei viser til ny drikkevassforskrift av 01.01.2017 som må leggast til grunn i planarbeidet. Dei minner om viktigheit med fokus på vassforsyningsanlegga sin tilstand og oppgraderingsbehov, slik at drift blir i samsvar med gjeldande regelverk. Vidare skriv dei at både eksisterande og private drikkevasskilder inkl. nedbørsfelt og røyrnett må i størst mulig grad vernast mot forureining så det

ikkje forringar vasskvaliteten. Det same gjeld reservevasskilder og eventuelle drikkevasskilder.

Mattilsynet minner elles om at målsettingane som kjem fram av " Nasjonale mål for vann og helse" må ivaretakast i hovudplanen. Dei ønskjer at kommunen lagar ein tilfredstillande plan for oppgradering av leidningsnett, samt ved behov tilknytte tilfredstillande små vassverk til felles vassforsyningsanlegg.

Dei peikar vidare på at vi må legge til rette for nødvendig beredskap med hensyn til drikkevassforsyninga.

Kommentarer : Kommunen vil forhalde seg til nye forskrifter og kvalitetskrav for drikkevann. Vi vil i planar arbeide for vern og beskyttelse av alle vasskilder i forsyningsnett og ha best mulig oversikt på dei private anlegga."Nasjonale mål for vann og helse" blir i god grad ivareteke i hovudplanen. Vi ønskjer at små anlegg oppnår tilfredstillande vassforsyning. Der det ligg til rette for det skal slike anlegg bli samankopla til felles vassforsyningsanlegg. Vi har beredskapsplan for to av dei største vassforsyningsanlegga.

Kystverket : Deira planengasjement er i første rekke kopla til sjøareal i planar og dei sjønære areala som ein kan seie å ha verknad på ferdselstilhøva.

Generelt : Dei viser til planleggingsverktøy innanfor områda som fins på nettet som Kystinfo – www.kystverket.no + info bind 4. Den Norske Los.

Farlei : Dei føreset at eventuelle ferdselsomsyn vert vurdert i planarbeidet.

Maritim infrastruktur : Ønskjer at det blir etablert spesifikke krav til utforming, utrustning og handsaming ved oppfølging på aktuelle og omsøkte tiltak.

Regelverk og tiltak må tuftast på framkome, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet.

Risiko og sårbarheit : Dei ønskjer at vi skal sjå om det er naudsynt å vurdere tryggleik og forureiningsfare knytta til ulukker/uhell på sjøareala. Og kva dei venta konsekvensane vil være for næringsinteresser, samfunn og natur.

Kommentarar : I planarbeidet vil vi nytte føreliggande opplysningar om planleggingsverktøy og informasjon frå kystverket som ein finn på nettet og andre stader. Ved eventuell sjøleidning vil vi oversende plan til etaten for nærare uttale, dette ved regulerings-og detaljplanlegginga. På reinseanlegg vil vi ha alarmanlegg som varslar ukontrollert utslipp og som varslar for raskt driftstiltak.

Noregs vassdrags- og energidirektorat – NVE :

NVE har ingen merknad til planprogrammet.

Fiskeridirektoratet – Region Midt :

Direktoratet er sektormyndigheit for fiskeri og marint biologisk mangfald. Dersom planen direkte eller indirekte berører sjøareal , meiner dei at saka angår etaten. Dei ønskjer tilsendt alle slike saker.

Dei ønskjer at eit av måla med planen skal vere å sørge for ein god og miljømessig riktig avfallshandtering. Dei peikar her på å ivareta naturmangfaldet best mulig og at vassmiljøet skal ha ein kvalitet som oppfyller målsettingane i forvaltningsplanen for denne vassregionen. Dei nemner ein del tiltak og konfliktforhold som bør vurderast for å oppnå god miljøtilstand i ferskvatn og sjø. Dette går på fiske- og havbruksinteresser samt marint biologisk mangfald og forhold til nye leidningsnett og utslippsstader som kan medføre negativ påverknad.

Direktoratet viser elles til sin nettside www.fiskeridir.no – kartleggingsverktøy.

Kommentarer : Vi vil oversende etaten plan for uttale der vi vil få direkteutslipp til sjø i forbindelse med nye utbyggingar og større tiltak.

Gjeldande reinsekav etter forskrifter skal oppfyllast for resipient(sjø) Vi ønskjer å unngå konflikt med næringsinteresser i sjøområde. Plan for eventuelle sjøleidningar ønskjer vi oversendt for uttale.

Vi vil aktivt nytte det som er formålstenleg av registrerings- og planleggingsdata der etaten har kartleggingsverktøy på nettet.

Vi arbeider med opprydding av private separate avløpsanlegg langs sjø/ vassdrag. Prosjektet, som er ein nasjonal tiltaksplan, vil bidra med auka kvalitet på vassmiljøet og særlig langs strandsoner og vassdrag/ ferskvatn.

I sjøområde på lokalitetar, har i dag betydelege utslepp frå sjønæringa og dette vil vi sjå opp mot samla vassmiljø og utslepp/tiltak ved fjorden.

Vi har små valmuligheiter med å plassere dei større utsleppa i tettstadsområda , og desse må derfor leggest i samsvar med tiltenkte planar og vår tilkopling på samleidninga (hovudnettet).

« Dette er innspel og kommentarar som er gjeve tidlegare på godkjent planprogram» - Eg tar dette med som vedlegg til planen då det er relevant for handsaminga og oppfølgingar.



FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

rådgivar Marina Opstad, 71 25 84 42

Volda kommune

Stormyra 2

6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 17/1442	Avd: UTV
Løpenr.	Shs: Ingvald
Vår dato 13. FEB 2018	
Dykkar dato 22.11.2017	
Arkivnr: Bygg	
Klassering P.	
Klassering S.	

Vår ref.

2017/6563/FMMRMAOP/423.1

Dykkar ref.

2017/1442

Volda kommune - vedtak i klagesak etter plan- og bygningslova - gnr92 bnr1 - oppføring av reiskapshus

Fylkesmannen stadfestar kommunen sitt vedtak. Klaga har ikkje ført fram.

Det visast til kommunen sin oversending av 22.11.17.

17.7.17 har Trygve Helset søkt om byggjeløyve for reiskapshus og driftsveg på gnr.92 bnr.1.

29.08.17 har kommunen, under delegert sak nr. 189/17, innvilga søknaden.

Vedtaket er påklaga av nabo Jacob Helset (bnr.3) v/adv. Vatne ved brev datert 13.09.17.

Forvaltningsutvalet handsama klagen i møte den 21.11.17 og under sak nr. 79/17 har dei halde fast på det første vedtaket i del. sak nr. 189/17. I medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 1-9 er saka etter dette oversend fylkesmannen som klageorgan.

I samband med fylkesmannen sin klagebehandling er det mottatt tilleggsmerknad datert 19.01.18 frå adv. Vatne på vegne av Jacob Helset.

Fylkesmannens merknader:

Vilkåra for å handsame dette som klagesak er oppfylt. Fylkesmannen kan etter dette prøve alle sider ved saka og dersom klagen vert tatt til følgje kan vedtaket endrast eller opphevast og sendast tilbake for ny behandling i kommunen.

Tiltak og plangrunnlag

Tiltaket er omtalt som etablering av driftsveg og oppføring av reiskapshus på 165 m² (11x15 m). Tiltaket er planlagd utført i eit område som er omfatta av kommunedelplan for Bjørkedal 2003 – 2006, vedtatt 28.04.2003. I planen er området avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-sone A) der berre byggje- og anleggstiltak som har direkte tilknytning til landbruksnæringa kan tillatast.

Arealet der tiltaka er søkt plassert er ein del av eit 21.7 daa stort areal satt av til fulldyrka jord. I samråd med landbrukskontoret har kommunen vurdert tiltaka til å vere naudsynt i samband med drifta på garden og kome fram til at det ikkje bryt med forbodet mot omdisponering i jordlova § 9. Tiltaket er vidare vurdert å vere i tråd med arealføremålet. Fylkesmannen har ingen avgjerande merknadar til denne vurderinga.

Tiltaket opnar for ei ny avkøyrsløse frå kommunal veg. Kommunalteknisk har uttalt at det er «ugunstig med fleire avkøyrsløse til same bruk», det er likevel ikkje gått imot slik veg, men peika på «den praktiske og prinsipielle sida» av saken.

Tiltaket sin plassering

I klagen er det gjort gjeldande ein rekke ulemper med tiltaket. Det er hevda at lukt og støy frå søkjars bruk allereie er eit stort problem, og at ei auke av gjødseltransport og maskinbruk i dette området vil ytterlegare auke belastninga. Det er vist til at all gjødseltransport vil gå føre seg nært innpå våningshuset og hagen til bnr. 3, og at bruket vil få redusert verdi som følgje av dette. Det er hevda at livskvaliteten og bulysta for eigarane av bnr. 3 vil bli negativt påverka. I klagen er det gjort gjeldande at tiltaket vil ta utsikt frå hus/hageområdet på bnr. 3 og påverke solforholda i hagen, samtidig som den frie siktlinja frå kommunal veg til Bjørkeldsalvatnet vert stengt. Klagar har peika på at tiltaket i staden kan plasserast nord-vest på bnr. 1.

Avgjerande spørsmål i saken er om klagar vil få slike kvalifiserte ulemper av tiltaket at søknaden ikkje kan godkjennast.

Byggverk sin plassering skal godkjennast av kommunen, jf. pbl. § 29-4 fyrste ledd, fyrste punktum. Omgrepet byggverk er ei samlenemning, og dekkjer alle former for tiltak som omfattast av loven, ikkje berre bygningar, men også andre konstruksjonar og anlegg.

Pbl. § 29-4 er forutsett praktisert slik at tiltakshavar sitt ønske vert imøtekome der ikkje avgjerande grunnar talar imot det (utbyggingsretten). Med avgjerande grunnar siktar ein særleg til plassering og høgde som medfører betydeleg ulempe for f. eks. naboeigedomar og/eller omkringliggande miljø. Det er berre i tilfelle der det objektivt sett kan konstaterast betydeleg ulempe for naboeigedomar eller omkringliggande miljø at kommunen kan utøve «kan»-skjønn etter pbl. § 29-4 første ledd (fritt skjønn). I praksis skal det mykje til for at naboar i landbruksområde blir høyrte med protest eller klage over støy- og/eller luktproblematikk. Dette er forhold som vil være pårekneleg i eit landbruksområde med aktiv drift.

I kommunen sitt vedtak og førebuaende klagehandsaming kjem det fram at innhaldet i naboklaga er vurdert opp mot tiltaket sin utforming og plassering. Kommunen har vurdert tiltaket slik at det ikkje vil føre til nokon betydeleg endring for nabo, sett i samheng med at eigedomane ligg i et landbruksområde. Kommunen har ikkje funnet grunnlag for å krevje annan plassering av tiltaka.

Det følgjer av forvaltningslova § 34, andre ledd, tredje punktum at der fylkesmannen er klageinstans for vedtak treft av ein kommune, skal det leggjast vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyre ved prøving av det frie skjønn. Fylkesmannen finn at kommunen sin avgjersle er gjort på bakgrunn av ei interesseavveging der det er gjort ei avveging av dei ulemper tiltaket påfører klager opp mot tiltakshavars fordeler ved å få plassert tiltaket som omsøkt. Tiltaket vil kunne føre til endringar på klagar sin eigedom i høve støy, lukt og utsikt, men ikkje utover det som blir vurdert som pårekneleg.

Fylkesmannen har ingen avgjerande merknader til kommunen sin vurdering og kan ikkje sjå at vedtaket er i strid med plan- og bygningslova. Fylkesmannen finn derfor ikkje grunnlag for å endre kommunen sitt vedtak. Klaga har såleis ikkje ført fram.

Fylkesmannens vedtak:

Med heimel i pbl. § 1-9, jf. fvl § 34, rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet og brev av 28.09.09 frå Kommunal- og regionaldepartementet, stadfestar fylkesmannen Volda kommune sitt vedtak i delegert sak nr. 189/17.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast vidare, jf. fvl. § 28.

Partane er underretta om vedtaket ved kopi av dette brevet.

Med helsing

Bente Thornes Kosberg (e.f.)
fagansvarleg

Marina Opstad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Trygve Helset	Nørdalsvegen 41	6120	FOLKESTAD
Jakob Helset	Nørdalsvegen 51	6120	FOLKESTAD
Adv. Nina Prestegarden Vatne	Postboks 91	6101	VOLDA